

NORDHORDLAND TINGBOK

nr. 11

1670

Hjelp oss Gud Fader i Æve til Lukke, Framgong og Sæle

14.3.1670 VÅRTING PÅ HERDLA SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 1

Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Ole Landtzuig, Steffen Tuett, Laurs Oen, Mogens Tuett, Jeremias Wig, Mogens Wig, Ole Frechou, Gutorm Grasdahl, Niels MoldeKleff, Peder Ryeland, Tomas Rong.

Tingsaker:

--1a: Opplese kong Christian 5 sitt brev i høve hans far, Fredrik 3 - Danmarks og Noregs konge, sin bortgang. All leik og spel må opphøyra i eitt år. Samkomer som brullaup og barsel m.m. kan gå som vanleg, men utan dei nemnde ting.

--1b: Vidare lese opp kongen sitt brev ("Mandat") om forbod for dei som sit på - og brukar gardar under kyrkja ("geistlig goedts") å hogga i desse gardane sine skogar.

--2: Gjeld Laurs Knudsen, funne død i sjøen ved Hetleuig. Denne saka vart no teke oppatt. Lensmannen kunne opplysa at Johans Hetleuig ligg sjuk. Difor utsett til førstkomande ting.

--3: Jacob Koursbøe og Lars Siurdal oppnevnt til nye lagrettsmenn.

15.3.1670 VÅRTING PÅ ALENFIT SKIPREIDE SI TINGSTOVE

1670: 1, 1b, 2 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Lars Mundal, Omund Gieruig, Hans Feste, Anders Selleuold, Hans Fosse, Knud Beraas, Anders Isdal, Arne Quamme, Hans Eicheland, Gudmund Aasse, Ole Mundal, Anders Dale, Niels Gier... [Nils Gjervik].

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sine 2 brev. Det eine om at all leik og spel skal opphøyra i eitt år i Danmark og Noreg.

--1b: Det andre at ingen tre måtte hoggast i kyrkjeskogane utan kongen sitt løyve.

--2: Tidlegare sak på Steffen og Siur Hilleland om krangel vart no ropt opp. Men dei var ikkje formelt stevna, grunna tinget vart fastsett så fort. Avgjort å ta saka opp på førstkomande ting.

--3: Rådmann Peder Hansen stevna følgjande for resterande landskyld og bygsel:

(Namn/vedgjekk å vera skuldig) Knud Beraas på Christian Møechildsuold sine vegne - 11 mark 4 sk. Jacob ibm: - 8 mark 2 sk. Jacob Møechisuold på Laurs ibm: sine vegne - 7 mark 2 sk. Arne Mogenstad - 2 1/2 rdl. Ole Sør Mogenstad - 6 rdl. Aslach Ifuersen Mogenstad - 12 rdl. Ole og Niels Sel - 1 1/2 rdl. (Det står berre Sel i tingboka. Truleg er dette Selevoll. Ein Ole finn vi der, men ikkje Nils). Hans Jensen krov dom i saka. Avgjerd: Alle bør betala det dei skuldar innan 14. april.

--4: Etter krav frå lensmann Laurs Mundal vart følgjande lest opp for retten: (dokumentet omskrive) Vi underskrivne, Gutorm Mundal, Olluff Lauridtsen Echanger og Jacob Schoelmester, overvar for ei tid sidan eit forlik om garden Lechnes mellom lensmann i Alenfit sk.r., Lauridtz Mundal og far hans, Halduor Mundal. Lars skulle, etter krav frå Haldor, avstå til fordel for Rasmus Larsen - gift med Haldor si dotterdotter, den jordepart i Leknes som Lars tidlegare hadde bygsla bort til son sin, Børge Laursen, og som Lars sjølv hadde brukt no i eitt års tid. For denne avståinga gjekk Haldor med på at Lars skulle få dei 80 rdl. som Rasmus hadde

betalt i førstebyggesel og "opsaugh" (oppsagn). Og var det meir som skulle gjevast i byggesel, så skulle Rasmus utreida dette til Haldor, utan motmæle frå Lars. Forutan dette skulle Lars få gjera seg nytte av eit naust, som var bygt - og stod på Leknes sin grunn. I forliket inngjekk at Lars måtte flytta det ("Derforuden maa Laurs lade af føre och sig Nyttig giøre It Nøst, som paa Lechnes grund opbygt och bestaaende er, ..."). Mundal, 3.1.1670.

--5: Aschild Hougsdal (skal vera i Alenfit, og må då vera Hopsdal), og Lars Lechnes oppnevnt til lagrettsmenn.

16.3.1670 VÅRTING PÅ RADØY SKIPREIDE SIN TINGSTAD.

1670: 2, 2b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Oluf Wetaas, Steffen Sæbøe, Siur Dalland, Knud Manger, Jacob Sæbøe, Hans Tougle, Matis Quallem, Jens Sollem, Joen Soelem. Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sine 2 brev. Det eine om at all leik og spel skal opphøyra i eitt år i Danmark og Noreg.

--1b: Det andre at ingen tre måtte hoggast i kyrkjeskogane utan kongen sitt løyve.

--1c: Forkyndt kanslar og lensherre Johan Friderich Marschalch sitt befalingsbrev av 28.12.1669 om at: Futen skal levere han ei oppgåve over dei soldatane som i denne regjeringa si tid har misfare seg og vorte straffa (".. er worden Delinquerit och forseet ..") (medan dei var i teneste hjå bønder?) (Delinkvent = forbrytar som sit arrestert og ventar på dom) (Sjå forøvrig kanslar/amtman J. F. Marskalk si befaling på vårtinget 7.4.1670 for Sartor sk.r., fol. 8. Mest truleg same ordren, men her ligg tydelegvis ei anna meining i teksten i tingboka). Og vidare: Kva nytte soldatane har vore til for bøndene, samt kva gardar eller gods dette galdt. 2 gonger kvart år skal det gjerast hemmelege forhøyr av alle lausgjengarar til skrekk og advarsel for dei. Legdet skal forsyna knektane eller soldaten med naudsynt underhald, rekna til 8 sk. dagen. Eller som kost, samt fartøy til transport, ved reise til garnisonen. Og er soldaten heime, skal legdet ta han i vanleg teneste.

--2: Omund Morchen stevna Oluf Bouge for å ha vorte kalla tjuv. Ole Boga: Amund hadde skore av båttauet til Ole med ein kniv. Og hadde difor sagt til Amund "at han så gjerne måtte ha stole det". Noko anna hadde han ikkje sagt. Ole Morchen og Ole Landsuig: Dei hadde høyrte Ole Boga kalla Amund ein tjuv i samband med deiras trette om tauet Amund hadde skore av. Halduor Landtzuig: Oppfatta ei trette mellom Amund og Ole om eit tau. Og høyrde Amund klaga seg for folka ikring at Ole kalla han tjuv. Men Haldor hadde ikkje høyrte det sjølv av Ole sin munn. Ole Boga: Hadde ikkje anna enn godt å sei om Amund. Avgjerd: Ole Boga tilkjendte å bøta til kongen 3 mark sølv for sine hastige og ubesindige ord. Men Ole sitt namn og rykte skulle ikkje lida last for denne dommen.

--3: Ole Quallem oppnevnt til lagrettsmann. Og Mogens ibm: må møte på lagtinget.

17.3.1670 VÅRTING PÅ LYGRA TINGSTOVE I LINDÅS SKIPREIDE.

1670: 2b, 3 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Iffuer Fammestad, Magne Bruntland, Ifr Løffaas, Ole Hopland, Lars Schouge, Omund Hunduen, Ole Myching, Haauor Berge, Besse Rosnes.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sine 2 brev. Det eine om at all leik og spel skal opphøyra i eitt år i Danmark og Noreg.

--1b: Det andre at ingen tre måtte hoggast i kyrkjeskogane utan kongen sitt løyve.

--1c: Forkyndt lensherren sitt befalingsbrev om soldatar som kunne ha misfare seg og gjort brotsverk. Og kongens forordning om at soldatane skulle gjevast underhald ved reise til

garnisonen. Elles som nevnt under vårtinget for Radøy.

- 2: Rådmann Peder Hansen stevna følgjande for resterande landskyld og bygsel: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Johans Kongleuold - 3 rdl. landskyld for 2 år. Niels Grimbsen - vart kravd for 3 1/2 rdl. Men sagt at han hadde forfall og kunne ikkje møta, fordi han hadde sjuke folk heime. Niels Knudtzen - 3 1/2 rdl. i landskyld og førstebygsel. Ole Pedersen ibm: (ibm: ??) - vart kravd for førstebygsel 5 rdl. og 4 års landskyld 4 rdl. Avgjerd: Bør betale det dei skuldar innan 14. april førstkomande.
- 3: Magne Østrem og Niels Honnequamb vart oppnevnt til lagrettsmenn.

18.3.1670 VÅRTING PÅ HALSVIK TINGSTOVE I GULEN SKIPREIDE.

1670: 3, 3b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Claus Molde, Ole Østgulen, Aslach Steene, Hans Henrichsbøe, Oluff Nappen, Ole Hougsdal, Jens Østgulen, Joen Killinguold, Ole Risnes, Michel Miømen, Otte Østgulen, Jetmund Eide.

Tingsaker:

- 1a: Opplese kongen sine 2 brev. Det eine om at all leik og spel skal opphøyra i eitt år i Danmark og Noreg.
- 1b: Det andre at ingen tre måtte hoggast i kyrkjeskogane utan kongen sitt løyve.
- 1c: Forkyndt lensherren sitt befalingsbrev om soldatane m.m. Sjå forøvrig under vårtinget for Radøy.
- 2: Tidlegare sak mellom Anne Sande og Karj Josepsdotter ropt opp. Men sidan ingen stevning førelåg til dette tinget, vart saka utsett til neste.
- 3: Hans Henrichsbøe stevna "svogeren" ("Suoger") sin, Ole Suendsen Dale, for 4 rdl. i lån til Ole. Ole møtte i retten, og sa han var blitt forlikt med "svigerfar" ("Werfader") sin såleis, at Ole skulle få behalda det han eigde då han vart gift med dotter til Hans. Og svigerfar Hans skulle behalda (få att) det han hadde gjeve til dotter si - altså Ole si (no) avdøde hustru. Dette hadde Hans allereide motteke, sa Ole. Slik at kvar og ein på denne måte hadde fått sitt i dette arveskiftet. Avgjerd: Sidan Hans Henriksbø var tilfreds med det han gav (hadde gjeve) dotter si og ikkje søkte anna arv etter henne enn det som lova tillet, då kunne han ikkje no i buet søkja dekning for gjelda. Dette burde han vore merksam på tidlegare. Og når Hans kan prova at han ikkje har fått (att) alt det han gav til si no avdøde dotter (då ho gifte seg med Ole), då fekk han ta saka opp igjen.
- 4: Lars Glenie og Johans Dale oppnevnt til lagrettsmenn.

21.3.1670 VÅRTING PÅ EIKANGER SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 3b, 4 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Esem, Ole Eide, Ole Fyllinge, Magne Echnes, Ole Eide, Siur Ascheland, Christian Ascheland, Anders Eide, Lars Eide, Ole Øffre Echanger, Iffr Hindenes, Jacob Dyrdal, Wemund Eide.

Tingsaker:

- 1a: Kunngjort 2 kongelege forordningar ("mandat"). Desse var: All spel og leik skal opphøyra i 1 år. Og ingen tre må fellast i kyrkjeskogane utan kongeleg løyve.
- 1b: Vidare kunngjort lensherren si befaling om transport og underhald for soldatar på veg til Garnisonen, og at legdet skal ta dei i teneste når dei må vera heime. Då må soldaten skikka seg mot husbonden slik som ein lydige tenar bør. Og 2 gonger om året skal det gjerast forhøyr til skremsel og avsky for alle lausgjengarar.
- 2: Rådmann Peder Hansen stevna følgjande for skuldig landskyld og bygsel: (Namn/Vedgjekk å vera skuldig) Ifr Olsen Høye - 9 mark i landskyld. Gutormb Myr - 7 ort i landskyld. Niels Nielsen Myr - 3 riksdaler i landskyld for 2 år. Anders Nesbøe - 5 ort i

landskyld. Niels Suindal - 5 ort i landskyld. Mogens Knudsen Gillisuig - 3 ort i landskyld. Anders ibm: - 3 riksdaler minus 15 skilling i landskyld og 3.dje-bygsel. Seffuind og Gutorm - 1 1/2 rdl. 8 sk. i landskyld og 1.ste-bygsel. Ole Biørge - 7 rdl. 2 mark i landskyld og 3.dje-bygsel. Joen Hielmaas - 3 rdl. 1 mark. Sander Lj på vegne av Anders Kleff - 1 rdl. 12 sk. Ifuer Kleff - 9 mark året i landskyld for 3 år, ialt 4 1/2 rdl., samt 3 1/2 mark i 3.dje-bygsel. Jacob Lid - 3 1/2 rdl. i landskyld og 3.dje-bygsel. Sander Lj - 1 rdl. i 1.ste-bygsel. Iffr Hindenes - 5 ort i 3.dje-bygsel. Iffr ibm: på vegne av Mogens Hindenes [Mons Hindenes] - 2 rdl. 12 sk. i 1.ste- og 3.dje-bygsel. Haluor Schor - 6 rdl. for 3 års landskyld og 3 1/2 mark for 1 års 3.dje-take. Ole Dyrdal - 2 1/2 rdl. for 2 års landskyld og 2 rdl. i 1.ste-bygsel. 3.dje-taken var ikkje forfalle enno, sa han. Jacob Dyrdal - 10 1/2 mark i landskyld og 3.dje-bygsel. Mogens Høeland på vegne av Steffen ibm: - 14 mark i landskyld og 3.dje-bygsel. Mogens også på vegne av Mogens Gudmundsen ibm: - 1 tønne "Ryefylche Korn" og 3 ort. Mogens Høeland på vegne av son sin, Ole Mogensen Echangelj - 8 1/2 rdl. i 1.ste-bygsel. Iffr Echangelj - kravd for 10 rdl. i 1.ste-bygsel, men møtte ikkje. Avgjerd: Å betale innan 14. april førstkommande.

22.3.1670 VÅRTING PÅ HOSHOVDE TINGSTOVE I HOSANGER SKIPREIDE.

1670: 4, 4b, 5 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Mieldstad, Anders Myching, Niels Miøs, Peder Ware, Haluor Øfsthus, Fusse Fieldschaal, Jørgen Bernes, Magne Hannistuett, Lars Øfsthus, Ole Fieldschaalnes, Johans Hoffstuett, Peder Øfsthus, Rasmus Hannistuett, Anders Teppetstad, Johans Hoshoffde.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort 2 kongelege forordningar ("mandat"). Desse var: All spel og leik skal opphøyra i 1 år. Og ingen tre må fellast i kyrkjeskogane utan kongeleg løyve.

--1b: Vidare kunngjort lensherren Johan Friderich Marschalch si skriftlege befaling om naudsynt transport og underhold for soldatar på veg til Garnisonen. Og for lausgjengarar skal det gjerast forhøyr 2 gonger om året.

--2: Johannis og Lauridtz Sandal tildømt å bøta for slagsmål 2 mark sølv kvar til kongen.

--3: Ny handsaming av saka mellom Rasmus Blegelj og Johans Tuett om kjelen som Johannes kasta i sjøen. Begge møtte for retten. Jørgen Blegelj vedgjekk at han i båten gav Johannes Tveiten nokre neveslag. Avgjerd: Fordi Johannes Tveiten hadde kasta Rasmus Bleikli sin kjele, verdt "half tredie" riksdaler, i sjøen, og bakgrunnen for dette var at både Johannes Tveiten, Lars Sandal og Jørgen Bleikli var drukne i båten, samt at Jørgen slo til Johannes - så bør Johannes betala til Rasmus 9 mark som sin del i kjelen. Og Lars og Jørgen må betala til Rasmus resten, nemleg 3 mark kvar. Alt dette innan 14 dager. I tillegg vart Jørgen Bleikli dømt å betala 2 mark sølv til kongen for slagsmålet.

--4: Peder Bernes stevna Ole Clausen Myching fordi Ole på siste hausttinget skulda Peder for å ha "giort Bismer" (laga ein vegereidskap, som på den tid var av tre). Og at Peder med denne bismere kunne vega 4 pund inn, og berre "half tredie" pund ut. Stevna også for ein "Teger och schindschoffuer". Ole møtte for retten, og sa han var drukken på det tidspunkt han sa dette om Peder. Han visste elles ikkje om at Peder Erichsen hadde laga nokon bismer. Det var Henrich [Henrik Herland] og Steffen Helleland som hadde sagt dette til Ole om Peder. Ole vitna no for retten om Peder Eriksen, at så langt han visste om Peder, så var han ein bra og ærleg mann. Han hadde ingen kjennskap til at Peder nokon sinne hadde brukt falsk bismer, vekt eller mål. Og at skuldingane frå Ole hadde skjedd i drukkenskap og uforstand. Så vart det framlagt for retten 2 bismervekter, som Peder hadde laga. Desse vart kontrollvegne mot "en Rett och Brendt Bismer", som kongen brukte. Og dei 2 vektene til Peder vart funne å vera rette.

--5: Rådmann Peder Hansen stevna følgjande for resterande landskyld: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Ole Fieldschaalnes på vegne av Knud Kalleland - 1 riksdaler. Johans

Toschedal på vegne av Enchen Gamersuig - 4 1/2 rdl. Johans Toschedal - 7 1/2 mark i landskyld, og for 1 tønne korn 9 mark. Johans på vegne av Ole ibm: - 7 1/2 mark i landskyld, og for 1 tønne korn 9 mark. Avgjerd: Alle vart dømde til å betala gjelda si innan 14. april.
--6: Utnemnde til lagrettsmenn Johans Hoshofde og Anders Wea (Anders Veo kjem frå garden Veo i Stamnes sokn, Arne sk.r.).

23.3.1670 VÅRTING PÅ REIGSTAD TINGSTOVE I MJELDE SKIPREIDE.

1670: 5, 5b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Elling Burkeland, Michel Blom, Laurs Houge, Mogens Restad, Simen Rønhofde, Johans Øffste Mielde, Johans Restad, Ole Watle, Niels Braguatten, Poul Huidsteen, Johans Halleland, Niels Wesett, Fabians Blomb, Niels Daltued, Laurs Wichne.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort 2 kongelege forordningar ("mandat"). Desse var: All spel og leik skal opphøyra i 1 år. Og ingen må hogga tre i kyrkjeskogane utan kongeleg løyve.

--1b: Opplese kanslaren/lensherren si befaling om at soldatane skal ha - og skaffast, underhald på veg til Garnisonen. I tillegg naudsynt transportmiddel. Påbodet etter kongen si forordning.

--2: Britte Nebstad stevna enkja Britte Meele for resterande landskyld og 3.dje-bygsel. På Brita N. sine vegne møtte Laurs Houge, Olle Helgesen Reffuem møtte for Brita M. Han vedgjekk at ho var skuldig Brita N. landskyld for 2 år - ialt 5 riksdalar og 1 ort, heri 1 års ubetalt 3.dje-bygsel. Avgjerd: Brita M. tildømt å betala innan 14. april.

--3: Tomas Christensen i Bergen stevna Oluf Schistad for gjeld. Ole møtte, og vedgjekk å vera skuldig ialt "Halfsextende" riksdalar på egne og andre sine vegne ("...egen wegne och som hand har sagt sig goed for andre..."). Ole baud seg å betala til førstkomande haust.

--4: Oppnevnt til lagrettsmenn Rasmus Ascheland og Anders Mitmielde.

24.3.1670 VÅRTING PÅ ARNE TINGSTOVE I ARNE SKIPREIDE.

1670: 5b, 6, 6b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Johans Indre Arne, Marchus Arne, Anbiørn Jordal, Mogens Songstad, Ole Arnetuet, Besse Fosmarch, Rasmus Rombsloe, Ole Semb, Ole Bouge.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort 2 kongelege forordningar. Desse var: All spel og leik i bryllaup og barsel m.m. skal opphøyra i 1 år. Og ingen må hogga tre i kyrkjeskogane utan løyve frå kongen.

--1b: Vidare forkyndt kanslar og lensherre Johan Friderich Marschalch sitt befalingsbrev om at soldatane skal ha 8 sk. - eller tilsvarande i proviant, for kvar reisedag til garnisonen. Likeså naudsynte fartøy til transport. Og 2 gonger om året skal det i futedømet gjerast forhøyr til skrekk og advarsel for alle lausgjengarar.

--2: Rådsmann Peder Hansen stevna følgjande for resterande landskyld og bygsel:

(Namn/vedgjekk å vera skuldig) Haluor Aasem - 1 rdl. i landskyld. Jørgen Halstensen ibm: - 3 1/2 rdl. Niels Erichsen Indre Arne - landskyld for 1666 og -67 med 4 1/4 rdl. og på 1 tn. korn 2 mark. Johans Iffuersen ibm: - 3 1/2 rdl. i landskyld og 3.dje-bygsel. Avgjerd: Alle bør betala innan 14. april førstkomande.

--3: Sirj Ingebritsdatter stevna Oluf ØfreEide, fordi han skal ha late kome ut at ho hadde stole ei ku frå Hans Nielsen - rådsmann (gardsstyrar) på Øvreeide. Ole møtte, og sa han hadde høyr det av Oluf Raadsmand og kona hans, Christj Eidtzuog (rådsfolk/gardsstyrarar på Eidsvåg). Og Ole kalla inn Rasmus Seluig og Marite Nielsdatter, som begge hadde høyr same orda frå Ole og Kristi. Men sidan ekteparet Ole og Kristi ikkje var tilstades i retten, og heller ikkje lovleg stevna, så vart saka sett i bero.

--4: Omund Hiortland stevna Halvor Espel for 3 mark i hestefoster. Halvor møtte, og sa han tok imot hesten for å fø den vinteren over for 1 rdl. Men før vinteren var forbi, kjøpte Amund hesten av Fredrich i Ildhuset og tok den heim til seg mot Halvor sin vilje. Avgjerd: Sidan Amund sjølv kjøpte hesten, fall det på han å fø den vidare. Det var Fredrik som hadde betalt foster til Halvor for hesten, og ikkje Amund.

--5: Oele Andersen Tuenes og Arent Toftt oppnevnt til lagrettsmenn.

26.3.1670 VÅRTING PÅ HOP TINGSTOVE I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 6b, 7, 7b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Peder SmørAas, Ole Sandal, Ole Hop, Lasse Nordaas, Oluff Eide, Niels Dingeland, Ole Schage, Ole Totland, Matis Bratland, Lasse Søråas, Niels Schiold, Ole Biøndal, Ole Tittelstad, Niels Hop, Jens Hucheland, Ole Heldal.

Tingsaker:

--1a: Opplese 2 kongelege forordningar: All leik og spel skal opphøyra i eitt år. Og ingen må hogga tre i kyrkjeskogane utan løyve frå kongen.

--1b: Vidare kunngjort kanslaren/lensherren sitt befalingsbrev om at legdsmennene skal ta soldatane i teneste den tid dei må vera heime. Og at dei skal gjevast underhald 8 sk. for kvar dag dei er på reise til garnisonen - eller tilsvarande i proviant. 2 gonger i året skal det gjerast forhøyr til skrekk og advarsel for alle lausgjengarar.

--2: Etter krav frå Peder Houge vart følgjande gavebrev opplese (eit utdrag): Gjevaren var Peder Andersen Houge (i Arna) - lagrettsmann i Skjold sk.r., og fødd kring 1608. Gift ca. 1669 med Inger Lauridtzdatter, fødd før 1630. Ekteskapet var hittil barnlaust. Ved gjevaren sin død, skal enkja ha tiende og fjerdingsgåve (1/4-delen av all eiga til gjevaren) etter lova (A: B: 22 Cap.). Gåvebrevet skal gå føre eventuelle arvingar etter Peder. Hop, den 26.3.1670. Til vitne: fut Peder Andersen og sorenskrivar Hans Hansen.

--3: Otte Hansen stevna Laurs Mittun for 11 rdl. i gjeld - ei skuld som Lars også på hausttinget 12.10.1668 vart tiltalt for. Lars vart ropt opp i retten, men møtte ikkje. Tildømt at han bør betala innan 14 dagar eller vurdering i buet hans.

--4: Samuel Hansen stevna følgjande for resterande landskyld: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Tomas Nøtuet - 8 mark 4 sk. Jon Samdal - møtte ikkje. Peder Schiold - 9 mark. Salmon Grimstad - møtte ikkje. Niels Natland - møtte ikkje. Mogens Stortuet - møtte ikkje. Niels Øfre Fyllinge - sa han ville betala 4 mark. Avgjerd: Dei skuldige som møtte, bør betala innan 14 dagar.

--5: Ole Houge og Niels Øffre Natland oppnevnt til lagrettsmenn.

7.4.1670 VÅRTING PÅ SKOGE TINGSTOVE I SARTOR SKIPREIDE.

1670: 7b, 8, 8b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Ole Bielcherøen, Mogens Worland, Willum ibm., Ole Hambre, Hans Kousland, Lars ibm., Anders Bildøen, Jacob Hammersland, Tomas Børnes, Anders Kobeltued, Wincentz Selle, Hans Algrøen, Henrich Østtued, Peder Bache, Ole Colbensen.

Tingsaker:

--1a: Opplese 2 kongelege forordningar: All leik og spel skal opphøyra i eitt år. Og ingen må hogga tre i kyrkjeskogane utan løyve frå kongen.

--1b: Kunngjort kongen sitt skattebrev for 1670.

--1c: Vidare forkyndt kanslar og amtmann Johan Frederich Marschalch sitt befalingsbrev om at legdsmennene skal ta soldatane i teneste når dei må vera heime. Og at soldaten av legdet skal gjevast 8 sk. - eller tilsvarande i proviant, for kvar dag dei er på reis til garnisonen. 2 gonger

om året skal det gjerast forhøyr til skrekk og advarsel for alle lausgjengarar. Futen fekk i same brevet ordre om å laga ei oppgåve til amtmannen over dei bønder som soldatane "Kand befindis at haffue Vdgifuet", det vere seg på gods eller gard "det end och Kand were scheid," (kven til og på kva gard soldatane er utplassert i teneste). Likeså kva nytte bøndene har hatt av denne ordninga. (Sjå under vårtinget 16.3.1670 for Radøy sk.r., fol.2b, pkt.1c. Mest truleg same ordren, men tingbokteksten gjev tydelegvis ei anna meining).

--2: Futen let stevna Karj Johansdatter Sørfielde - ein krøpling. Ho vedgjekk å ha fødd eit barn, men visste ikkje kva barnefaren heitte - anna enn at han var ein omstreifar som hadde teke henne med vold, då ho var åleine heime i huset. Barnet kom til verda litt etter sist jul. Ny etterforsking, for å finna ut om ein annan kan vera far til barnet.

--3: Hans Grafsted si enkje stevna følgjande for skuld: Dirich Nielsen, som vedgjekk at far hans, Niels Selstøe, var skuldig 1 mark. Nils tilkjent å betala innan 14 dagar. Ole Haluorsen Mitfielde kravd for 4 rdl. 2 mark og 2 sk. Møtte ikkje, då kona hans låg i barselseng. Erich Mogensen Knapschouff kravd for 2 rdl. 4 mark og 14 sk. Møtte ikkje. Men Ole Colbensen stadfesta at han var lovleg stevna. Erik difor tilkjent å bøta 1 mark sølv i stevnefall. Orge/Ørie Asbiørnsen kravd for 10 rdl. 3 ort. Eigentleg var det faren Asbjørn [Asbjørn] som var skuldig pengane, og ikkje Ørjan. Men Asbjørn var død, og buet etter han gjort opp. Ørjan møtte i retten, og sa at Hans Grafsted i skiftet etter Asbjørn fekk utlagt 3 rdl. i ein kjele. Vidare fekk borgarmeister Søren Jensen utlagt 4 rdl., og Christoffer Meyer 3 rdl. - alt i same kjelen. Meir var det ikkje å henta i buet.

--4: Hans Schouge stevna Adtzer Østtuet, fordi Hans på "ein fri kyrkjebakke" vart skulda av Assar for å ha skore over sildegarnet/-a hans under sildefisket. Assar møtte, og sa at det var nok så. Men han hadde ikkje nevnt noko om tjueri. Og krov tid på seg til å skaffa prov. Dette vart innvilga av retten. Saka opp att på neste ting.

--5: Rådmann Peder Hansen stevna følgjande for gjeld: Avdøde Johans Waarøen si enkje Anne kravd for 6 1/2 rdl. Enkja møtte, og sa at hennar avdøde mann hadde leigd 1 spann fisk i garden. For dette betalte han 5 rdl. i bygsel, og hadde sagt at no skulda han ikkje noko meir. Men dei hadde enno ikkje fått bygselseddel. Anna si svigermor, Marj Warøen, var og i retten og sa at ho berre hadde gjeve Johannes løyve til å bygsla 1 spann fisk. Resten av bruket ville ho sjølv driva og ha. Saka på vent inntil vidare. Johans Golten vedgjekk å vera skuldig 5 rdl. i bygsel. Vart tilkjent å betala innan 14 dagar.

--6: Niels Telle og Erich Scholleuig oppnevnt til lagrettsmenn.

15.4.1670 RETTSMØTE PÅ GARDEN TVEITEN I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 8b, 9 Retten sine menn: Peder Smøraas, Lasse Nordaas, Peder Hop, Ole Totland, Peder Hornes, Niels Skiold, Lasse Smøraas.

Tingsak:

--1: Anders Nielsen Tuet la fram stevning frå lensherren mot borgarmeister Peter Trojel i Bergen, der Anders meinte seg rett til å få bygsla foreldra sin jordepart i garden Tveiten. Foreldra er døde, og parten deiras no ledig. Anders la fram i retten bygselbrev på det han frå tidlegare sjølv bygslar i bruket. På P. Trojel sine vegne møtte tenaren hans, Johan Loussen. Han sa at når Peter var lovleg stevna, så ville han og svara. Anders fortalde at han, saman med Oluf Sandal, 3 gonger hadde vore hjå borgarmeisteren og kravt bygsel på det ledige bruket. Johans Tuett hadde vore 2 gonger med Anders, og Haluor Grimbstad 1 gong. Dette stadfesta både Ole og Johannes for retten. Men Trojel krov at Anders gav frå seg til han den parten som Anders brukte. Og sa vidare at Anders heller ikkje kunne få bygsla den ledige parten etter foreldra. Han ville sjølv bruka den til hausten, og så sjå kva han kunne gjera. Ole Sandal og Johannes Tveiten stadfesta dette ved ed, men ikkje det om at Trojel ville ha Anders til å avstå til han den parten Anders bygslar. Dei sa dette var Anders sine ord. Johan Loussen sa vidare, at

dersom stevneålet mot Trojel kunne gjerast lovleg, då ville borgarmeisteren krevja utsetjing. For då ville han sjølv koma med svar til motparten. No var han hindra av andre forretningar. Men Anders krov endeleg dom. Avgjerd: Avdi Anders Tveiten frå før har bygsla 1/2-delen av far sin sitt bruk i Tveiten, medan faren sat på andre 1/2-delen: 1/2 spann smør, 1/2 kvarter malt og 1/4 spann hud. Men då faren er død, er denne delen vorte bygselledig. Anders var 3 gonger inne hjå P. Trojel (ombudsmann for gardeigaren) for å få bygsla parten. Men Trojel vegra seg. Sidan omtalte jordepart var faren sitt bruk - og hans son er nærast til å overta, då bør Anders herved uhindra få tiltre nemnde jordepart etter far sin. Dommen viser og til k. Christian 4. si lov, som seier at slik ein "ring" (dårleg) jordepart bør gå til ein enkelt bygselmann.

20.7.1670 LEDINGSTING PÅ FREKHAUG TINGSTOVE I HERDLA SKIPREIDE.

1670: 9, 9b, 10, 10b, 11 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Ole Landzuig, Iffuer Rong, Tøris Herleuer, Anders Husebøe, Anders Hougland, Laurs Oen, Knud Tielstad, Knud Dale, Niels Alføen, Michel Frommereid, Steffen Tuett, Magne Tuett, Gulich Hegsdal, Magne Grasdahl, Poul Nesse, Mogens Tuett.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--1b: Samt forbod mot hogging i kyrkjeskogane.

--2: Tøris Herleuer kom fram for retten og ba om vitnesbyrd frå almue og lagrett (tingsvitne) på at husa hans på garden Herdlevær brann ned ved vådeeld - unnateke lòa ("Laden") og floren ("fee Huset"). Dette skjedde 14 dagar før "St. Michelj" i 1669. I tillegg vart Tørris for ca. 2 1/2 års tid sidan frårøva all formuen sin av sjørøvarar eller kaperar, ettersom han bur på utsida ved havet. Han ba om skattefritak.

--3: Anders Fosse tilkjent å bøta 5 ort til kongen, fordi Anders hadde vore for tidleg ilag med kona si. Men utan at det vart barn av det. Futen ettergav bota grunna Anders sin fattigdom.

--4: Kong Christian 5. sitt skattebrev for 1670 attgjeve i sin heilhet i tingboka. I korthet går det ut på at kongen så gjerne ville ha minska skattane for alle i landet. Men grunna riket sin tryggleik og andre store utgifter, vart han forhindra i dette forsettet. Og laut diverre - i år som tidlegare - oppretthalda dei ordinære skattane samt rytterhald og skyssferdspengar.

Slottet i København, 26.2.1670.

--5: Etter krav frå Casper Bager vart følgjande pantebrev opplese: (utdrag) Skyldnar: Anders Johansen Iden i Herdla. Kreditor: Casper Wilchens - bakar, og bur i Bergen. Lånesum og vilkår: 260 rdl. (til 96 sk. dalaren). 6 % rente p.a. gjeldande frå 27.9.1669. 1/2 års oppseiingstid. Trygd: Lånet er sikra med 1. ste prioritet pant i Anders sin gard Io (Iden), og med samtykke frå kona til Anders. I dokumentet er det også nemnd 2 born til Anders (".. och begge voris Arffuinger .."). I tillegg fekk kreditor til forvaring Anders sitt odelsskøyte ("Pergamentz AdKombst Odelsbref") på Iden. Lånekapitalen er farsarven til dei umyndige borna etter Jan Geffuertz - føremannen til Casper. Enkja etter Jan såleis gift oppatt med Casper. Desse borna er seinare i dokumentet nemnd som steborn til Casper. Lånet tok Anders opp i si tid hjå Jan. Så dette er vel helst ei fornying grunna skifte i familietilhøva hjå kreditor.

Vitne: Peder Luden/Lyden og Claus Von Rechen - begge borgarar av Bergen by.

Datert Bergen, 27.9.1669.

21.7.1670 LEDINGSTING PÅ ALENFIT SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 11, 11b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Laurs Mundal, Niels Tuett, Haaor Isdal, Hans Feste, Hans Fosse, Aschild Nebstad, Knud BerAas, Anders Selleuold, Oluff Grøtued, Anders Kaberdal, Arne Quamme, Anders Øffstegaard.

Tingsaker:

--1: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--2: Sjø tidlegare sak under vårtinget 15.3.1670: Steffen Hilleland mot Siur Hilleland. Sjur ba no om orsaking for orda sine mot Steffen, og partane forliktest så i retten. Men Sjur måtte bøta 3 mark i sølv til kongen.

--3: Skyss-skaffaren la inn klage på nokre av mannskapet. Oluf Semb, Anders ibm:, Baste Watne, Magne ibm:, Aslach ibm: og Anders Eicheland var ikkje viljuge å skyssa sjølvaste kanslaren då han var på reis. Kvar av dei vart difor bøtelagt med 1/2 mark sølv. Dessutan laut dei betala andre skyssfolk som måtte overta oppdraget.

22.7.1670 LEDINGSTING PÅ RADØY SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 11b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Oluff Wetaas, Johans Helleland, Steffen Sæbøe, Mogens Ydstebøe, Knud Soltued, Hans Tougle, Ole Soltuet, Jacob Sæbøe, Oluff Huidsteen, Mogens Strømme, Knud Sollem, Jens Sollem, Niels Olsuold.

Tingsaker:

--1: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--2: Simen Rasmussen stevna Josep Nesse for klær, og ku- og smaleleige, som Josef er skuldig han. Josef møtte, og vedgjekk at han skulda Rasmus for løn, ialt 3 rdl. Han baud seg å betala noko i haust, og resten seinare etterkvart. Tilkjent å betala dei 3 rdl. i løn til Simen innan 1 år frå no.

23.7.1670 LEDINGSTING PÅ LYGRA TINGSTOVE I LINDÅS SKIPREIDE.

1670: 11b, 12, 12b, 13 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Iffr Fammestad, Christian Mogensløb, Knud Schouge, Børge Oenes, Gudmund Qualuog, Magne Bruntland, Lars Høpland, Iffr Løffaas, Hans Qualuog, Erich Aaraas.

Tingsaker:

--1a: Kongen sitt skattebrev for 1670 opplese.

--1b: Kunngjort kong Christian 5. sitt påbod av 29.4.1670, om at alle bøne- og klageskrift (supplikasjoner) til han må vera påskrive og kontrollert på førehand. Påbodet retta til stathaldar Vrich Friderich Guldenlew, som gav same ordren nedover til amtmann i Bergenhus amt, Johan Friderich Marschalch.

--2: Christen Knudsen på Tomas Gilbertsen sine vegne la fram ei stevning i retten mot Søffren Søffrensen d.y. og Peder Finde - sokneprest til Førde pr.gj., og prost i Siundfiord. Saka galdt 1 løp smør og 1 får i garden Risse - av Søren pantsett til Tomas, som med dette ville ha stadfesting på kravet sitt. Ingen av dei stevna møtte. Futen bandla ("Arresterede") landskylda inntil nærare utgreiing i saka.

--3: Niels Pedersen Schreder(?) stevna Iffuer Niøten, fordi Iver ikkje nemner Nils ved sitt rette namn, men kallar han "Grøden". Iver møtte, og vedgjekk dette. Men sa at fleire gjorde det same. Iver tildømt å bøta 1 mark sølv til kongen, og ikkje nemna ordet meir.

--4: Kunngjort kanslaren si befaling av 3.5.1670: At ved betaling av tienden, så skal almuen i Lindås sk.r. levera fisken deiras til Mogens Daudsen på Feddie.

25.7.1670 LEDINGSTING PÅ HALSVIK TINGSTOVE I GULEN SKIPREIDE.

1670: 13, 13b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Claus Molde, Erich Risnes, Jetmund Eide, Jens Østgulen, Mogens Westuig, Jørgen Myre, Hans Grinnen, Joen Kiellinguold,

Joen Høeuig, Joen Knaruig, Johans Dale, Lars Glenie, Johans Høeuig, Ole Nappen.

Tingsaker:

--1a: Kongen sitt skattebrev for 1670 opplese.

--1b: Og likeså påbod om at alle bøne- og klageskrift (supplikasjonar) skal vera kontrollerte og påskrivne før dei er komne til kongen.

--2: Futen let stevna Peder Poulsen Norgulen, Colben Tuetten og Effuend Suendsen Nesse.

Trass i tilseiing frå skyss-skaffaren, så møtte dei ikkje opp til skyssing av kanslaren på hans reise til møte i Overhoffretten. Kvar av dei vart tildømt å bøta 1/2 rdl. til kongen.

--3: Futen stevna endå ein gong Anne Olsdatter Sande og Karj Joesepsdatter (sjå under vartinget 18.3.1670 for Gulen sk.r.). Anna skal "etter hendis beretning" ha lege i barselseng for Kari. Anna vedgjekk no å ha lege 8 dagar for Kari i barselseng, men at Kari fødte barnet. Og etter omlag 7 veker gjekk ho til kyrkjjes. Der let ho seg "Indlede" (som inngangskone) i kyrkjedøra av no avdøde sokneprest Styrch. Nett likesom andre kvinner gjorde etter å ha fødd barn. Kari møtte og for retten, men nekta høglytt å ha fødd barnet ho vert skulda for. Hans og Knud Sande: Visste ikkje meir om dette enn det Anna sjølv fortalde dei, då ho låg i barselseng. Dei var bedne om å stå fadder på barnet - det barnet som Anna sa var hennar eige. Dei stod deretter fadder i Effuenuig Prestegaard. Men då barnet vart døypt, tvilte ("Tiufflede") no avdøde prost Styrch på korleis Anna Olsdtr. så snart kunne ha barn igjen. Han gav seg då til å rekna litt etter på tida, og kom til at dette neppe kunne stemma. Dei 2 mennene sa dei visste ikkje anna enn ryktet på bygda hadde å fortelja. Hans Sande: Steson hans, Rasmus Mogensen - som no er i Nordland for han, hadde fortald at Kari Josefsdtr. hadde senga si på vestre sida i floren på Sande i den veka barnet vart fødd. Futen krov no at saka måtte bero til hausttinget - i von om fleire opplysningar.

--4: Niels Vndal stevna Mogens, Hans og enkja Halland, fordi dei hadde teke hesten ("Horset" = hoppa) hans og bunde den i garden deiras. Straks etter skal den ha vore død. Mons, Hans, og enkja sin son, Anders Iffuersen møtte i retten. Dei vedgjekk at Anders tok hoppa og batt den i garden om sundagen etter preika. Måndagen slapp han den laus i marka att. Claus Molde og Jørgen Myre: Sa dei såg hestehovudet, som på eine sida var så sundslege at dyret ikkje kunne gå. Avgjerd: Dei tiltalte bør innan 14 dagar bøta 4 slettmark kvar til Nils for hoppa.

27.7.1670 LEDINGSTING PÅ EIKANGER TINGSTOVE I EIKANGER SKIPREIDE.

1670: 13b, 14 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Essem, Siur Ascheland, Aschild Ascheuig, Børge Jordal, Lars Eidtznas, Mogens Quinge, Anders Fyllinge, Anders Hindenes.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--1b: Og befaling om kontroll og påskrift av bøne- og klageskrift (supplikasjonar) til kongen.

--2: Hans Hougsdal og Wemund Eye vart tilkjent å bøta til kongen 3 mark sølv kvar, for deiras usemje og slagsmål på tinget.

--3: Sæfind Eide tilkjent å lata Niels Rødland "were følgagtig" eit lam som tilhøyrrer Nils, og som sist haust hadde forvilla seg vekk frå flokken hans.

28.7.1670 LEDINGSTING PÅ HOSHOVDE TINGSTOVE I HOSANGER SKIPREIDE.

1670: 14 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Mieldstad, Magne Hannistuett, Peder Wahre, Niels Miøs, Gulich Noraas, Niels Hoele, Haluor Øffsthus, Rasmus Hannistuett, Jørgen Bernes, Ole Litland, Lars Øffsthus, Fusse Aasemb, Ole Hoffstuett.

Tingsaker:

- 1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.
- 1b: Og befaling om kontroll og påskrift av bøne- og klageskrift (supplikasjonar) til kongen.
- 2: Konene til Haauor Haaland og Lauritz ibm: vart tilkjente å bøta til kongen 1 mark sølv kvar, for slagsmål og munnbruk mot kvarandre. Og for at Håvard ikkje hadde halde smalen sin vekk frå Lars sin bø. Kvinnene vart advart mot vidare slik framferd.
- 3: Lauritz Sandal tildømt å bøta 1/2 mark sølv til kongen for å ha slege til Johans Tuett.

29.7.1670 LEDINGSTING PÅ REIGSTAD TINGSTOVE I MJELDE SKIPREIDE.

1670: 14, 14b, 15, 15b, 16 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Elling Burcheland, Tomas Hundhammer, Mogns Restad, Erich ibm:, Mogens Lofttaas, Oluff Watle, Anders og Johans Øffstemielde, Mogens Haffre, Rasmus Blomb, Anders Mitmielde, Anders Riffuenes, Rasmus Ascheland.

Tingsaker:

- 1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.
- 1b: Og påbod om at alle bøne- og klageskrift (supplikasjonar) skal vera påskrivne og kontrollert av statthaldar Vldrich Friderich Guldenlew, før dei vert lagt fram for kongen.
- 2: Kunngjort følgjande skiftebrev etter avdøde Søffren Nielsen Foxs - forrige fut i Nordhordland: (Dokumentet omskrive) Cathrine Hansdatter - enkje etter avdøde Søren Nilsen Fox, let kunngjera "ei rett og lovleg buregistrering og arveskifte" mellom seg og deiras umyndige dotter, Wibeche Sørensdatter. Til stades var Offue Jensen - borgarmeister i Bergen - far til Katrine, og hennas 4 brør: Jens Hansen - sokneprest til Gloppen pr.gj. i Nordfiord, Otte Hansen - sokneprest til NyeKierchen i Bergen, Samuel Hansen - kapellan til Dombkierchen i Bergen, og Peder Hansen - sokneprest til Eidtzfiord pr.gj. i Nordfiord. Vidare var tilstades: Futen Peder Andersen, sorenskrivar Hans Hansen, Jesper Skrøder - borgar i Bergen, og Giert Doett - borgar i Bergen. VERDIAR I BUET: Av gull og sølv: 1 gullkjede på 16 lodd og 1 kvintin. 1 armband på 8 lodd og 1/2 kvintin. 2 gullringar på 3 kvintin. Alt verdsett til 175 rdl., 5 mark og 4 sk. Av sølv: 1 kanne på 64 lodd. 1 kanne på 62 lodd. 1 kanne på 44 lodd. 5 beger på 52 lodd. Eit drikkekar på 43 lodd. 1 potte på 23 lodd. 1 skål på 22 lodd. 8 konfektskåler på 60 lodd. 2 smørbrikker på 14 lodd. 22 skeier, 1 røyrskai, 1 brennevinskål - tilsaman 92 lodd. Alt verdsett til 218 rdl. og 1 mark. 1 diamantring til 40 rdl. Mynta gull for 50 rdl. 1 sølvkanne på 92 lodd, men denne var enkja si festargåve frå ektemannen, og vart halde utanfor registreringa og skiftet. Av jordegods: Valestrand med underliggjande Elvik og Eide - alt for 700 rdl. Runnhovde for 216 rdl. Diverse: Handskrifter og reide pengar for 800 rdl. Av kveg på Valestrand var det 23 "stort og smått" - 57 rdl. og 3 mark. Av tinn: 16 fat, 26 tallerkner, 3 smørbrikker, 3 salsirkner (salsirken: lite fat/skål til smør, fett, duppe o.l.), 2 halvkanner - tilsaman 2 våger og 1 pund, verdi 14 rdl. Av messing: 2 par lysestakar - 2 rdl. 2 messingbekkener - 1 rdl. og 1 mark. 1 dørslag - 1/2 rdl. 1 messingkjele - 2 mark. 1 fyrbekken - 1 rdl. 1 "schombschee" - 2 mark. 2 strykejern - 1 rdl. Av kopar: 1 kjele - 6 rdl. 1 "schideche" kjele og 2 kvarters kjeler - ialt 6 rdl. 1 brikkefat - 5 mark. 1 fyrfat - 3 mark. 2 innvendig fortinna koparpanner med lok - 2 rdl og 2 mark. Av jernvarer: 1 flat gryte - 4 mark. 1 lita gryte - 2 mark. 1 lang steikepanne - 1 mark 4 sk. 1 rund steikepanne - 1 mark. 2 rister - 2 mark. 2 skjæringer og 1 bakstehelle - ialt 8 mark. 1 eldskyffel og 1 eldtang - ialt 1 rdl. 2 lysesakser - 1 mark 4 sk. Av trevarer: 1 eikeseng med innlagt svart tre - 14 rdl. 1 grøn fureseng - 3 rdl. 1 kvit fureseng - 2 rdl. 2 naglefaste furesenger - ialt 3 rdl. 3 slagbenker - 1 1/2 rdl. 1 kryssbeslått kiste - 8 rdl. 1 svart beslått eikekiste - 4 rdl. 1 svart beslått skrin med hattefor på loket - 2 rdl. 3 mark. 1 beslått skrin med kobbeskinn på loket - 2 rdl. 1 beslått eikeskrin med ei skuffe under - 1 1/2 rdl. 1 reiseskrin med ei skuffe under - 9 mark. 1 beslått skrin - 2 rdl. 1 Danziger skrin - 8 mark. 3 små fureskrin - 2 rdl. 4 høge lærstolar - 1 rdl. 3 grøne "Lauge" (lave) Danziger stolar - 4 mark. 1 stort måla fureskap med 5

rom i og 5 låser - 5 rdl. 2 "Lauge" (lave) lærstoler - 1 rdl. 1 flaskefór - 1 rdl. Av linklær: 4 dreielsbordduker - 6 rdl. 2 dreielsbordduker - 2 rdl. 10 stryedreielsbordduker - 6 rdl. 1 langt fint dreielshandklede - 4 mark. 1 par fine Kloster lerretslaken - 6 rdl. 1 par fine heimegjorte lerretslaken - 4 rdl. 4 par lerretslaken - 10 rdl. 4 par halvslitne lerretslaken - 2 rdl. 4 par stryelerretslaken - 4 rdl. 1 par fine Kloster lerretsputevar med fine, breie kniplingar - 6 rdl. 1 par fine putevar med breie kniplingar - 2 rdl. 2 par nye heimegjorte lerretsputevar med bindverk - 3 rdl. 5 par små putevar - 2 rdl. 1 spegel - 8 mark. Borddukar ("Bordkleder"), benkedyner, hynder (flat/lang pute til benk/sete) og anna: 1 raud, fin bordduk - 7 rdl. 1 grøn, kledes bordduk - 2 rdl. 1 raud bordduk - 2 rdl. 1 broket bordduk - 1 rdl 2 mark. 4 nye Flamske hynder - 4 rdl. 4 sydde ("Syde") hynder - 3 rdl. 3 gamle hynder - 3 mark. 2 gamle benkedyner - 1 rdl. 1 omheng til ei seng og 3 stykk blomstret tøy med silkefrynser - 2 rdl. 1 vanleg omheng til ei seng og 3 stykk med kappe - 8 mark. 1 taft omheng, 5 stykk og 1 sengeklede og silkefrynser - 30 rdl. Raud fløyel for 2 puter - 3 rdl. Sengklær: 2 underdyner - 12 rdl. 3 halvslitne underdyner - 8 rdl. 3 dundyner - 14 rdl. 2 små underdyner - 2 1/2 rdl. 2 litt slitne underdyner - 2 rdl. 2 halvslitne underdyner - 2 rdl. 5 hoveddyner - 7 rdl. 5 halvslitne hoveddyner - 4 rdl. 2 lange olmerduks putevar - 3 rdl. 10 små puter - 5 rdl. 1 bjørneskinn trekt med raudt klede - 3 rdl. 1 randet sengeklede - 9 mark. 2 åklær - 10 mark. 1 kvit kvittel - 3 mark. Av avdøde sine egne ting: Gangklær for 63 rdl. Bøker - 16 rdl. Gevær - 16 rdl. ----- Frå ovannemnde formue vert trekt 100 rdl., som avdøde hadde gjeve til den umyndige dottera si, og lova at pengane skulle setjast på rente frå den tid ho vart fødd og til ho gifte seg. Hovedstolen og forfallen rente til no utgjer 130 rdl. Vidare vert trekt frå ein arv på 29 rdl., 5 mark og 6 sk., som avdøde hadde motteke etter ei Ingeborg Espeland (på vegne av kona eller dottera). Enkja si bruseseng og sengklær, er i vurderinga ovanfor verdsett til ialt 80 rdl. Men ho får ingen støtte til gravferdskostnadene. Desse 3 punkta går ifrå buet, som dermed sit att med ein verdi av 2298 rdl. ----- Men ettersom ein del av formuen består av klær, hushaldsreidskap og anna lausøyre som ikkje sånn utan vidare kan gjerast om i reide pengar - og dottera ikkje treng noko særleg av desse tinga sidan ho framleis er umyndig - og for at ikkje sakene berre skal stå og forfalla inntil dottera ein gong får bruk for det, så gjorde enkja Katrine Hansdotter - med samtykkje frå far sin og brødrene sine - den lovnad og avtale, at for dottera Vibeke Sørensdatter sin farsarv, så vil ho betala henne ein rund sum på 1000 rdl. i reide pengar så snart dottera vert myndig eller gifter seg. I tillegg vil ho betala heile bryllaupet til dottera, og attpå gje ho ei like god bruseseng som hennas eiga var. Inntil dottera vert myndig eller kjem i ekteskap, så går avtalen/lovnaden vidare ut på at mora av sine egne pengar skal halda dottera med hus, mat og klede, og gje ho god opdraging og skulegong. For alt dette skal dei 1000 rdl. stå utan rente. Dei 130 rdl. som avdøde i si tid sette til sides for dottera, vil no mora lata stå vidare til 6 % rente, inntil dottera vert myndig eller gift. Men skulle mora avgå ved døden før dottera vart myndig eller gift, så skal dei nemnde lovnadene gjerast om i ein samla pengesum, som i påsyn av myndigheit og slektningar skal plasserast annan stad til omsorg for jenta. Og for å halda dottera skadeslaus ved denne lovnaden, så stiller mora underpant for tilsvarande verdi i formuen sin. Dette dokumentet er skriva ut i 2 likelydande eksemplar - korav Katrine beheldt det eine, og dottera sine morbrødre det andre. Bergen, den 8. juni 1670. Dokumentet underskrive av Katrine Hansdotter, Ove Jensen, Jens Hansen, Otto Hansen, Samuel Hansen og Peder Hansen. Som vitne: Peder Andersen, Hans Hansen, Jesper Skrøder og Gjert Dott.

30.7.1670 LEDINGSTING PÅ YTRE ARNE TINGSTOVE I ARNE SKIPREIDE.

1670: 16b, 17 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Johans Indre Arne, Anbiørn Jordal, Knud Brueraas, Ole Arnetuet, Johans Hoele, Ole Fougstad, Ole Semb, Iffuer Toequamb, Arne Toftt, Marchus Ytre Arne.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--1b: Så og hans befaling om kontroll og påskrift av bøne- og klagebrev før dei kjem til kongen.

--2: Kona til borgarmeister Peter Troel, Anne Wibe, let stevna Marite - tenestejenta på ØfreEide. Anna hadde hatt 2 av Marta sine sauer til leige. Og utan at avtalen var oppsagt til lovleg tid (frå Marta si side) ("Tuende Smaller som hun hafde satt hinde til leye, och hinde iche i Louglig tid oppsatt"), så hadde Marta vore og henta dei. Ho vart såleis stevna av Anna for å ha teke smalane utan løyve. I leigetida døydde også ein av smalane, så Marta hadde - fortsatt utan løyve, berre funne seg ein ny frå Troel sin flokk. Marta var til stades i retten, og kunne ikkje nekta for å ha bytt ut den døde smalen med ein ny. Men no har fru borgarmeister fått smalane att, sa ho. Ole Raadsmann - gardsstyrar på Eidsvåg: Han tok Marta i håret og leidde henne ut att or smalehuset i Eidtzuog, då ho ville ta med seg smalane. Han sa og at kona hans slo til Marta 1 gong. Marta: Påstod det var 2 slag. Ole: Hadde det ikkje vore for at Marta var for retten, så skulle han ha slege henne på munnen. Avgjerd: Marta tilkjent å bøta 1 mark sølv til kongen, fordi ho av uforstand ulovleg tok smalane. Ville Marta ha sauene sine att - og leige for dei, må ho søkja dette hjå Troel. Ole dømt til også å betala 1 mark sølv til kongen, fordi han i retten hadde trua Marta.

--3: Jørgen Aasem tildømt å betala til Joen Arne 4 1/2 mark i reide pengar innan 14 dagar.

--4: Ole Toppe let stevna Tollach ibm: for 4 rdl. i samband med Ole si avståing av bruket sitt på Toppe til Tollak. Av ymse grunnar ("Da formedelst sine Aarsager...") vart Ole tilkjent berre 2 rdl. av kravet sitt, og som Tollak må betala innan 14 dagar.

1.8.1670 LEDINGSTING PÅ HOP TINGSTOVE I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 17, 17b, 18 Fut Peder Andersen [Peder Andersen]. Lagrettsmenn: Fredrich Stene, Ole Hop, Steffen GrimbsEid, Steffen Hammersland, Simen Schiold, Lasse Nordaas, Ole Eide, Niels Dyngeland, Ole Totland, Peder Hornes, Vincentz Nøttuet, Lars Søråas, Mogens Sambdal, Ole Bjørndal, Michel Bircheland, Arne Totland, Niels Schiold, Ole Titelstad, Peder Hop.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--1b: Så og kongen si befaling om kontroll og påskrift av bøne- og klagebrev før kongen får desse i hende.

--2: Etter krav frå Lauritz Lauritsen Rosenberg vart kunngjort følgjande pantebrev: (utdrag) Skyldnar: Oluf Steffensen Schage. Kreditor: Lars Larsen Rosenberg. Lånesum og vilkår: 48 rdl. med forfall 20.9.1670. Trygd for lånet: 1.ste prioritets pant i 1 sølvbelte på omkring 18-20 lodd, 1 koparkjele av volum 1 1/2 tønne, 1 do. do. 1 tønne. Vidare 6 kyr og 3 undersenger med 4 hoveddyner. Bergen, 1.9.1669. Vitne: Engelbricht Erichsen Buntmager og Jan/Johan Ottesen. Ole Skage underskreiv med sitt bumerke (s. 17b).

--3: Laurs Henne stevna Erich Baardsen Vlsmoeg for ein øyrefik Lars fekk av Erik i eit festarøl på Bircheland. Far til Erik møtte og vedgjekk Erik sitt neveslag. Erik tilkjent å bøta 3 mark sølv til kongen.

--4: Borgarmeister Offue Jensen på vegne av arvingane etter avdøde Søffren Nielsen med stevning mot enkja etter avdøde Ibe Jacobsen Hucheland ved Mogens Aslachsen. Sak: 11 rdl. 4 mark 10 sk. og 1 album i resterande skatt for 1668 av garden Hucheland til kongen. Michel Selgensen la fram skattemanntalet, og viste at posten framleis stod open. Lensmann Peder Søråas hadde vore og kravd skatten hjå enkja. Ho vedsto seg skatteskulda, men sa ho hadde eit motkrav på borgarmeisteren (".. haffde Regenschab met Borgemester, .."). Avgjerd: Enkja dømt til straks å gjera opp for seg. Og har ho motkrav på borgarmeisteren, då må ho ta dette opp som eiga sak.

--5: Mogens Aslachsen stevna Baste Natland for slagsmål mot Mons. Baste møtte for retten, og vedgjekk å ha slege til Mons. Men grunnen var at Baste hadde funne Mons med øks, hest og

slede på ulovleg hogst i skogen hans. Dette kunne Mons ikkje nekta for. Dei vart no forlikte, og skildest som vener. Men Baste måtte bøta til kongen 1 mark sølv for slagsmål. Og Mons like mykje for ulovleg skogshogst, utan at hans husbond, Niels Ørbech [Nils Ørbech], kjende til det.

--6: Rådmann Peder Hansen let stevna Lars Mittun for 11 rdl. i skuld til Peder. Men Lars var ikkje til stades i retten. Hans Jensen krov dom, og Lars vart dømt til å betala innan 14 dagar.

--7: Lars Arnesen Hellenen klagde seg sterkt for retten, at husmannsplassen han budde på aldri hadde vore taksert for landskyld, før den av siste kommisjonen vart skyldsett til 1/2 pund. Plassen var berre ein ring husmannsplass. Den fødde 3 kyr, og hausta 1 våg havre. Likevel har Lars måtta betalt 1 rdl. i (årleg?) grunnleige til jordeigaren. Og i tillegg over lengre tid gjeve skatt til kongen. Ein del av lagretten stadfesta at plassen aldri tidlegare hadde vore skyldsett. Og at Lars hittil hadde betalt meir av plassen enn det den var god for - dette til større armod for Lars enn for andre husmenn.

2.8.1670 LEDINGSTING PÅ SKOGE TINGSTOVE I SARTOR SKIPREIDE.

1670: 18b, 19 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Oluf Hambre, Niels Lochøen, Willemb Worland, Jacob Hammersland, Mogens Waarland, Hans Kousland, Anders Bildøen, Vincenz Selle, Rasmus Landraa, Erich Knapschouff, Oluf Fielde, Anders Arefjord, Michel Agattnes.

Tingsaker:

--1a: Opplese kongen sitt skattebrev for 1670.

--1b: Og kongen si befaling om kontroll og påskrift av bøne- og klagebrev før desse kjem til kongen.

--2: Etter krav frå Catrine Loduigsdatter Munte kunngjort dette skøytet: (utdrag) Seljar: Inger Olufsdatter Worm - enkja etter avdøde Jens Schielderup, forrige superintendent over Bergen stift. Kjøpar: Katrine Ludviksdatter Munte - enkja etter avdøde Søren Jensen, borgarmeister i Bergen. Jordegods: 1 1/2 våg fisk landskyld i odelsjordegods i Øffre Galten i Sartor sk.r., med bygsel. I tillegg eit laksevarp under same gard - nyleg oppretta, og som etter kontrakt vert brukt av Lauritz Kousland mot 2 gode laksar i årleg leiga. Bergen, 20.5.1670.

Vitne: Otte Hansen - sokneprest til Nye Kierchen, og Effuert Effuertsen - konrektor i Bergen.

17.8.1670 RETTSMØTE I SANDVIKEN I ARNE SKIPREIDE.

1670: 19, 19b Retten sine menn: Lensmann Johans Indre Arne, Steffen Blindem, Anbiørn Jordal, Johan Aastuet, Mogens Sangstad, Ole Arnetuett, Daniel Seluig, Hans Jordal, Johans Eichaas, Ifr Toquam, Halsteen Blindemb, Ole Tuenes.

Tingsak:

Fut Peder Andersen let framføra for retten ei kvinne, Karj Lauritzdatter, som frivillig vedgjekk å ha vore "beligget och besoffuet" av stefar sin, Anders Olsen Setterdal. For 14 dagar sidan - rekna frå igår, fødde ho eit barn, Anders, på Indre Arne, der ho sat i forvaring. Ho fastheldt at stefaren var far til barnet - ettersom ho berre hadde vore ilag med han. Første gongen det skjedde, var heime på garden Setterdal 14 dagar etter "Michels dag sidst forleden", då ho sat i eldhuset med brødbaking. Sidan nokre gonger heime på garden, og nokre gonger ute i marka. Og då folk merka ho var med barn, rømte ho av frykt heimanfrå saman med stefaren.

Først kom dei til ein gard Kallestad på Voss, der dei låg om natta. Sidan for dei vidare opp til Rødland. Deretter rak dei omkring i bygdelaget i 7 dagar. I mellomtida rømde stefaren frå henne. Jenta sa ho kunne vera 18 eller 19 år gamal. Ho visste inga anna råd no etter å ha vorte åleine, enn gje seg på veg heim att til mor si på Sedal. Drengen Johans Johansen ØdeJord følgde henne på heimvegen over fjellet, ettersom ho ikkje kunne gå åleine. Same drengen - som no er i teneste hjå mor til jenta, hadde tidlegare bede om hennas hand. Men stefaren ville ikkje tillata noko ekteskap mellom dei. Futen ville døma jenta med ein gong, men

saka sett på vent til retten kunne få rådspørgja seg med lagmannen

9.9.1670 kom retten saman igjen - no på Bergen Rådstue, i ovannemnde blodskamsak. For si misferd vart Kari Larsdtr. dømd til halshogging, etter Christian 4. sin Recess, side 178. Og etterpå skulle kroppen kastast på elden og oppbrennast. Alt ho eigde skulle tilfalla kongen.

21.9.1670 RETTSMØTE PÅ ALVØY I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 20, 20b Retten sine menn: Lensmann Peder Smøraas, Steffen Hammersland, Lasse Nordaas, Ole Eide, Lasse Smøraas, Ole Biøndal, Niels Yttre Hop.

Tingsak:

Brandanus Wagener sin fullmektig stevna Arnoldus - lesemester i Bergen. Saka galdt ein (husmanns)plass kalla Ramsuig, som Brandanus meinte etter ein riktig markegang låg til garden Alfføen, og at korkje Arnoldus eller Lektoratet hadde noko med plassen å gjera. I retten vart framlagt kong Christian 4. sitt brev, der Alvøy med alt tilliggjande ved makeskifte vart overdrege til Anne Richertzdater og hennas arvingar frå kongen - alt til odel og eige. (Gjort før 1647) Det vart og vist til ein heimtingsdom av forrige lesemester - no avdøde Peder Lemb. Arnoldus la fram sitt bestallingsbrev frå kongen på at han hadde rett til å råda over alt som låg til Lektoratet. (Skattematr. 1647 har "lesemester" som eigar av m.a. desse gardane i Skjold sk.r.: Breivik, Drotningvik, Myr, Hilleren, Skare, Mathopen og Hetlevik) Arnoldus ba vidare om at følgjande opplysning vart tilføydd saka: (?) "at tilforne i førige tide er gaaet 4 Rdr aff Elffuen (Alvøy?) i S/alige Magister Rasmusis tid, foruden dend løb landschyld aff gaarden," (?). Arnoldus krov så at Christian Berring viste med sin bygselseddel kor mykje han gav i årleg leiga til Alvøy av (husmanns)plassen Kongshaffn. Men Kristian sa han var ikkje lovleg stevna. Arnoldus fortalde at no avdøde Joris hadde teke opp ei øydejord (ny husmannsplass?) tvers ovanfor Kongshavn, (?) "och der Imoed formeener at wil tage ind paa Læsmesters goedz til Wederleg, Huilchet M: Arnoldus formeente at were meere end alt det goedtz hans Ko: Ma: har faait igjen til wederleg." (?) Og foregav at han ikkje hadde fått landskyld eller 3.dje-bygsel på 6 år av dei 3 løp smør Lektoratet har fått i vederlag. Ei heller bygsel av dei 6 1/2 løp smør som "bygsel skal følgje." Heile følgjet foretok så synfaring på den omstridde plassen Ramsvik. Likeså på markstrekningen mellom Alvøy og Drotninguig - dette som prov i saka. Arnoldus ville no ha fram Peder Myere, Erich Hetleuig og Peder Drotninguig som vitne. Vidare meinte han at tvistemålet burde kunna løysast av ei 12-mannsnemnd. Dertil krov han utsetjing av saka. Og så vart heile greia utsett til våren.

10.10.1670 HAUSTTING PÅ FREKHAUG TINGSTOVE I HERDLA SKIPREIDE.

1670: 20b, 21, 21b, 22 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Ole Landzuig, Michel Wigebøe, Jeremias Wig, Peder Ryland, Anders Husebøe, Lars Oen, Michel Røslund, Magne Tuett, Peder Herleuer, Tøris ibm., Niels Alfføen, Anders Houland, Jacob Koursbøe, Lars Siurdal, Ole Kleppe, Tomas Rong, Knud Dale.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort nokre av kongen sine forordningar.

--1b: Og kanslar/amtman Johan Friderich Marschalch sine befalingar.

--2: Enkja etter avdøde Hans Tomasen - byskrivar i Bergen, krov opplese følgjande pantebrev: (utdrag) Skyldnar: Hans Christensen Paus - teologistudent. Kreditor: Hans Tomassen.

Lånesum, trygd og vilkår: 70 rdl. - med pant i det jordegods som vil tilfalla skyldnaren etter hans avdøde far. Istaden for renter kunne kreditor med kone og born fritt få råda over nemnde

jordegods. Bergen, 7.12.1664. Vitne: Christen Nielsen - medtjenar og kannik til Korskirchen, samt skyldnaren sin svoger, Anders Brussel (gift med syster til Hans Paus - og medarving til same jordegods). Pantebrevet utvida den 20.9.1665 med eit lån på 54 rdl. - men no til Poffuel Christensen Paus. Han må vera ein bror til Hans Paus, for Paul pantsette her sin arvepart av jordegodset etter sin avdøde far.

--3: Hans Hansen Blix - sokneprest til Manger, stevna Laurs Oen, Knud Tieldstad og Niels Alfføen, vedkomande ei sak om fisketienden til han. Lars Oen og Nils Alvheim møtte i retten. Dei sa dei gav full fisketiende ved Bergenhus Slodtz brygge av all fisken dei fanga. Og meinte at dei ikkje burde gje tiende på meir enn 1 plass. Hans Blix la fram ein supplikasjon (eit brev) av 1633. Vidare framlagt lagmann Peder Raffn i utgreiing frå 1636. Denne siste sa Lars og Nils seg ikkje nøgd (enig) med. Dei gav uttrykk for usemje om betalinga av denne fisketienden.

Avgjerd: Retten kom til at den ikkje kunne døma i denne saka no. Bøndene fastheldt at kvar og ein av dei alltid har gjeve sin fisketiende ved Bergenhus av all fisken dei fanga. Dei meinte denne ordninga skulle omfata alle - også dei sjølve, som budde innafor ein avstand på 4 "mil" (å 11,3 km) frå Bergen. Saka utsett til kongen si representant, samt bispen - som oppebar denne tienden ved Bergenhus, kunne møta i retten. Likeså måtte herredagsdomen om innkrevjing av tienden innafor dei 4 mil, finnast fram.

--4: Johan/Jan Wit/Witte av Bergen var stevna av Mogens, Gregoris og Haluor Hielmen, fordi han hindra dei i å fiska på deiras rettmessige stader. Johan møtte for retten. Han spurde dei 3 bøndene om dei heldt fast ved stevneområdet mot han, og det gjorde dei. Johan ville vidare vita om dei ikkje hadde "Land och leyemaal noch for deris Landschyld foruden Waagen," (område nok for seg sjølve, i tillegg til vågen/fjorden). Dei hadde, sa dei til det, liksom mykje som andre bønder, og ikkje noko å missa. Johan vedgjekk å ha fått dei 9 rdl. for fisken som vart fanga med hans not - pengar som han meinte tilkom han. For dei andre hadde kasta med deiras eiga not, og ved salget av den fisken fekk ikkje han (som jordeigar) noko av dette. Avgjerd: Johan måtte ikkje med sitt eige fiskebruk blanda seg bort i hans bygselmenn på Hjelmene ("hans Landbønder") sitt fiske på deiras område ("leigemaal"). Men skulle fisket verta så godt at bøndene ikkje overkom alt med si not, då var Johan som jorddrott den neste til å få fiska framføre nokon framande. Elles måtte han ikkje slå gras på deiras bær, eller la feet sitt beita i marka deiras, utan at dei gav han løyve. Meinte Johan at landskylda på garden kunne setjast høgare, måtte dette skje ved lovleg synfaring. Av dei 9 rdl. i utbytte då dei nytta Johan si not ved seifiske på deiras leigemål, kom retten til at Johan gav bøndene halvedelen. For framtida burde partane dela på det når begge nøtene var i bruk. (".. bør de at schifte til halfnet met Jan Witte..")

--5: Anders Hougland [Anders Haugland] tilkjent å betala 9 mark til Oluff, grannen sin. Han hadde brukt Ole sin hest, som avgjekk ved døden.

--6: Den tidlegare saka med Johans Hetleuig og drengen som han fann drukna i sjøen og tok opp, vart utsett igjen inntil vidare. Grunnen var at futen ikkje var tilstades i retten.

--7: Magne Tuett stevna Rasmus ibm:. Rasmus møtte, og tilstod å ha kalla Magne for tjuv, fordi han ikkje hadde gjeve kongen, kyrkja og presten tiend av 3 sk. "jordbrug" i Tuett. Magne sa at gardsbruket hans i lang tid hadde vore pålagt ei viss tiend, som han årleg hadde betalt. Rasmus kunne ikkje prova skuldinga si. Saka i bero inntil vidare.

--8: Magne Tuet stevna atter Rasmus ibm: - no fordi Rasmus hadde sloppe hesten (uvisst kven sin hest) inn i løa der kornet og høyet til Magne låg. Av den grunn vart dette delvis øydelagt. Rasmus vedgjekk, og vart dømd til å betala 1 mark sølv til kongen.

12.10.1670 HAUSTTING PÅ ALENFIT SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 22, 22b, 23, 23b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Lars Mundal, Knud Midgaard, Hans Fosse, Anders Selleuold, Ole Grøtuet, Ole Mundal, Lars Lechnes, Omund

Gieruig, Joen Nesse, Anders Kaaberdal, Brynild, Arne Quamme, Gudmund Aasse, Knud Totland.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princess in Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forsegla, skriftleg klagemål, som lensmann Lars Mundal med fleire sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Friderich Marschalch.

Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så

klagen innført i tingboka som følgjer: (utdrag) For omkring 3 veker sidan kom ein offiser med bod frå Slottet. Alle soldatane i skipreidet skulle møta der, kvar medbragt kost for 14 dagar.

Dette til tross for at ein del budde berre "2 1/2 - 3 - 4 Mil" (á 11,3 km) frå byen, slik at dei lengst vekk buande kunne reisa inn på 2 dagar, og dei fleste på 1 eller 1/2 dag. For dette måtte kvar legd gje "6 á 7" mark. Nokre av soldatane vart i tillegg lova heimatt før dei 14 dagane var til endes. Soldatane som møtte opp på Slottet, dreiv med litt mønstring. Elles heldt dei vakt, og bar møk. Klagen gjekk vidare ut på at forrige år hadde alle soldatane vore inne på Slottet, for å setja opp steingjerde. For dette måtte kvar legd gje "3 á 4" mark. I tillegg hadde kvart legd dei siste 2 1/2 år - etter påbod frå kapteinløytnant Poul Jensen - måtta gje ". til Gewehret (geværet) 4 á 5 march, och nogle til 2 Rdr, ..". Desse pengane hadde kapteinløytnanten sjølv teke mot. Og kvar soldat måtte halda vakt ved Slottet 3 månader kvart år. Men dei som ville gje pengar, slapp for 2 rdl. Dette etter soldatane si eiga skildring, som best dei kunne forklara. Alt strevet med soldatane er no såleis falle på almuen nesten så tungt som kongen sine skattar. Klagen gjekk også ut på at almuen sine båtar under byføring med ved, høy og halm for salg, i nokre år etter påbod først måtte leggja til ved Slottet og levera varer der utan å få noko igjen. Dette skjedde enno dagleg, trass i at almuen betalte gjengjerd, vedpengar og fredtoll (ymse skattar) til kongen, for å vera fri for slikt bry. Heller ikkje var det gjeve noko kongeleg forordning om at almuen skulle levera varer vederlagsfritt til Slottet. Frå før er almuen pålagt å betala ein årleg pengeskatt for dette - innført og fastslege i kongen si "Ledingsbok". Og likevel vart dei plaga med slikt ekstra bry frå Slottet si side. Dokumentet datert Bergen, 30.3.1670.

--2: Jens Jensen av Bergen stevna Mogens Gieruig for gjeld. Men Mons møtte ikkje. Han var ikkje lovleg stevna, så saka sett på vent til dess.

--3: Siur Berføre stevna Hans Feste, fordi Hans hadde bede presten ". hafue hans Kone paa Predichestoelen." Hans nekta. I bero til presten kunne få seia noko til saka.

--4: Baste Lyren stevna Ole Hansen Feste. Ole hadde sagt til Baste at innan han skildest frå han, så skulle han ikkje eiga meir enn som Ole fyllte sjø i ausekaret på eine sida av båten medan han rodde, og tømde det ut att på andre sida. Ole møtte i retten og sa at Baste hadde skjelt han ut. Baste tilstod såvidt at han hadde kalla Ole "Hosbonds Øll" (husbondens øl), men ikkje meint det som noko tjuvskulding. Begge vart for deiras usemje dømt til kvar å betala 1 mark sølv til kongen.

--5: Haauor Otteraas tilkjent etter stevnemål å betala halv erstatning - 4 rdl. - innan 14 dagar, til sin "svoger" (i dette høvet: svigerson) Christian Hopland. Håvard hadde lånt Kristian sin båt med segl. Båten kom vekk saman med 2 av sønene til Håvard. (Må vera Håvard, og ikkje Kristian sine søner som var ute i båten. For elles var det vel ikkje noko lån)

--6: Haluor Mundal stevna Endre Semb [Endre Seim] for gjeld. Endre møtte og tilstod vera skuldig 3 1/2 rdl. Vart dømt til å betala innan 14 dagar.

--7: Iffuer Tolleffsen stevna legdsmennene sine på Seim for 9 mark, som dei var skuldig han for den tida han gjekk soldat for dei. Lars Mundal sa at Karj Semb, og Erich Kleffdal på kona si sine vegne, ville betala deiras del av kravet. Legdet dømt til å betala soldaten det dei skulda han.

--8: Jens Mogensen på Samuel Hansen sine vegne la inn stevning på Steffen Hilleland, fordi han ikkje hadde betalt landskyld og 3.dje-tage for 1669. Steffen møtte, og sa at han var hjå

Samuel litt før jul og baud han 1/2 rdl. av det han skulda. Han ba samstundes om utsetjing med resten. Men Samuel ville ikkje ta imot avdraget. I retten la no Steffen på bordet dei 3 rdl. for 1669, og ba om å få betala dei med ein gong. Jens sa han ville ikkje ha pengane, og krov dom i saka. Avgjerd: Steffen dømt til straks å reisa til Samuel for der å gjera opp for skulda si, eventuelt saman med "Jule March" (Julemark: tilleggsavgift på 1 mark sølv som leigendingen måtte betala, dersom han ikkje leverte landskylda innan julafta) om han vert krevd for denne.

14.10.1670 HAUSTTING PÅ RADØY SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 23b, 24, 24b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Ole Wetaas, Siur Daland, Mogens Hoele, Lasse Hucheland, Gunder Nøttuet, Steffen Sebøe, Mogens Manger, Mogens Qualem, Anders Houland, Erich Bøe, Johans Nøtuet, Rasmus Giere, Johans Helleland, Joen Soelem, Ole Soltuet, Matis Qualem, Niels Olsuol.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som lensmann Ole Vetås med fleire sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Ole Erichsen Wildanger stevna Ole ibm., fordi han sette meir fe på beite i deiras felles mark enn det hans eige leigemål kunne tola. Ole sitt bruk var på 1/2 løp smør, og han hadde 18 fe gangandes på beitet. Bruket til Ole Eriksen var på 1/2 løp og 18 merker smør. Men han sette berre 12 fe på beitet. Ole møtte, og sa han berre hadde 16 fe på beite i "Haugen". Avgjerd: Ole fekk beskjed om ikkje å ha meir fe på beite i deiras felles mark enn hans eigen part kunne tola. Men viste det seg at beitet gav gras nok til fleire fe, då skulle det føretakast synfaring av ei nemnd.

--3: Hans Blix stevna Torben Lunde og Ole Quame for resterande avgift av deiras bruk. Torbein vedgjekk å vera skuldig 1/2 tønne i landskyld for 1669, og som han straks ville betala. Men han var ikkje skuldig noko 3.dje-tage. Ole sa han var skuldig 1 pund smør, og for malt 4 mark, i landskyld for 1669. I tillegg 4 mark i 3.dje-tage. Han baud seg å betale. Begge vart dømde til å gjera opp for seg.

--4: Brukarane på Nord Wetaas vart stevna av Knud Soltuet, fordi dei sette hans "Schyd" (må vera eit husdyr) inn i deiras hus, slik at det døydde. Siur og Endre Wetaas møtte, og tilstod at "Schydet" vart sett i hus for ei natt og ein dag. Men dei la ikkje hand på det i vond meining. Då dei jagde dyret ut att or huset, la det seg ned for å døy attmed garden. Avgjerd: Kvar av dei 2 partane dømt til å erstatta halve verdien, på det viset at dei 2 på Vetås betalte for halv skade 1 rdl. til Knut innan 14 dagar.

17.10.1670 HAUSTTING PÅ LINDÅS SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 24b, 25, 25b, 26, 26b Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Bondelensmann Iffr Fammestad, Christian Mogensløb, Gudmund Qualuog, Berie Oenes, Helge Houge, Haauor Berge, Hans Qualuog, Johans ibm: , Omund Hunduen, Ole Groff, Iffr Wig, Mogens Tuett, Rasmus Qualuog.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forsegla, skriftleg klagemål, som lensmannen og nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Lytich (Lyteche, Lyche, Lykke) Hansen - sokneprest til Lindås, krov opplese eit arveskiftebrev (utdrag) etter avdøde Ingeborg Lykkisdatter. Ho var gift med Peder Busch - den neste soknepresten til Lindås. Dei hadde 4 umyndige born i 1667: Fredrich, Lisbeth, Anne, og Femme. Arven utgjorde 1/2-delen av Ingeborg og Peder si eiga. Denne bestod for det meste av inventar, klede, lausøyre og utstyr m.m., verdsett til kring 2000 rdl. Av dette tilkom Peder ein halvedel, og resten fordelt på borna slik: Sonen sin part 400 rdl. Kvar av døtrene 200 rdl. Peder løyste ut borna sine partar av arvetinga i pengar. Sidan borna enno var umyndige, skulle Peder ha dei ialt 1000 rdl. ståande hjå seg utan rente. Men flytte ein eller fleire av dei ut or heimen, vart kvar sin arvepart å forrenta med 6 % så lenge pengane stod hjå Peder. Til trygd for desse låna sette Peder alt han eigde i 1. ste prioritets pant. Inntil borna vart 18 år, skulle Peder syta for deiras underhald og skulegang av sine eigne midlar. Born sine tilsynsmenn: Faren Peder, Peder sin svigefar, Lytich Hansen, samt Jacob Busch - busett i Engesund. Qualuognes, 19.11.1667.

Vitne: Niels Loss - busett i Kilstrøm. Han var bror til svigermor til Peder. Ifuer Busch - borgar i Bergen, men busett i Sundfiord. Ifuer Fammestad - lensmann i Lindås sk.r. Knud Schouge - lagrettsmann same plass.

--3: Niels Loss stevna Ole Risøen, fordi han utan lov hadde fjerna ein kjele frå huset sitt. Kjelen var nemleg pantsett til Peder Finde for 5 1/2 rdl. og 4 mark. Ole møtte, og tilstod. Han forklarte det med at han hadde betalt ned på gjelda. Avgjerd: Kjelen skulle vera der den var, inntil Ole hadde betalt til Peder det den var pantsett for.

--4: Niels Loss på vegne av Peder Finde stevna Oluff Risøen, fordi han hadde selt eit hus som stod på bruket. Ole tilstod å ha selt huset for 6 rdl., men bygt opp eit anna i staden for - til 10 rdl. Saka sett opp til synfaring på åstaden.

--5: Christian Mogensløb stevna Mogens og Lars Sønneuo. Dei hadde fått låna hesten til Kristian, for å kjøyra møk. Og så døydde hesten. Mons og Lars var tilstades i retten. Dei hadde brukt hesten. Men etterpå slapp dei den laus i marka, kor den døydde. Dei meinte ansvaret for hesten då var over for deiras del. Avgjerd: Av hesten sin verdi på 9 mark, vart eigaren og brukarane dømde til å betala kvar sin halvpart.

--6: Erich AarAas stevna Iffr Wig for ei gjeld på 2 rdl., som Iver vedgjekk. Iver dømd til å betala.

19.10.1670 HAUSTTING PÅ HALSVIK TINGSTOVE I GULEN SKIPREIDE.

1670: 26b, 27, 27b, 28 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Claus Molde, Erich Risnes, Jens Østgulen, Jacob Opdal, Iffr Fosdal, Lars Klefftuet, Joen Høeuig, Mogens Westeuig, Joen Killinguold, Johans Høeuig, Hans Grinnen, Siur Moldland, Ole Hougsdal, Aslach Steene, Jørgen Myre, Johans Dale, Joen ibm:.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Sty" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forsegla, skriftleg klagemål, som lensmann Klaus Molde samt nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Ellj - kona til Christen Søffrensen Fix, spurde i retten Joen Dale og Johans ibm: om det ikkje var så at dei 2, samt grannane deiras, hadde gjeve henne og mannen lov til å setja opp bustadhus ("Huse och Werelser") på deiras almenning, Dalsøer. Dei tilspurde stadfesta at huset - slik som det no var bygt, kunne stå. Men vilkåret var at brukarane på Dale og andre rettshavarar framleis fekk ha fri tilkomst til området, som etter oppsette merkesteinar var deiras almenning.

--3: Iffr og Einer Korsuold stod fram for retten og ba om tingsvitne (almue og lagrett sitt vitnemål). Sist vinter hadde eit stort skred teke alle husa til Iver, samt Einar si løy med deiras høyr og korn. I tillegg hadde ein flaum for 3 dagar sidan gjort stor skade på jorda. Dei fekk vitnemål på ulukkene sine.

--4: Ole Stor Matre og Ole ibm: ba sameleis om tingsvitne på at tidleg om morgonen jonsokdag sist sommar, så brann husa på garden deiras ned - og alt dei eigde for også med i vådeelden. Det som stod att, var løy og smalehuset. Dei og fekk stadfesting på skadeverket.

--5: Futen let atter ein gong stevna Anne Olsdatter Sande [Anna Olsdotter Sande] og Karj Josepsdatter i samband med det barnet som ein av dei skulle ha fødd. Sjå under ledingstinget 25.7.1670 for Gulen sk.r., der saka forrige gong var oppe. Futen spurde no Anna kor lenge sidan det var at ho skulle ha lege i barselseng for Kari. Anna svara det kunne ha vore for 10 år sidan. Merknad: Dei vidare forklaringane er litt vanskeleg å finna samanheng i.

Tingbokteksten seier ikkje alle stader heilt klårt kven som sa og gjorde kva. Difor er kvart avsnitt i historien her merkt med eit kryss, for å markera ein manglande samanheng med framhaldet. Anna forklarte vidare: X: Barnet vart fødd i floren. Berre mannen hennar (kven sin?) var til stades. Det såg ho (Anna?) då ho stelte dyra (".. huilchet hun saae da hun Røgte feet .."). X: Dei (kven av dei?) hadde barnet hjå seg i floren i 1 1/2 dag. X: Likevel hadde Kari barnet hjå seg inntil Søgny Sande - syster til Kari - kom for å sjå til barnet. Det vart då bore inn i stova. X: Deretter vart Anna trua av mannen sin til å leggja seg i barselsenga, som om ho sjølv nett hadde fått barn. Ho måtte også seia til grannane at det var ho som hadde fødd barnet. X: Anna hadde barnet hjå seg i "halfit tredie" år, før ho sette det bort til Kari si syster, Sygni. Der hadde barnet vore sidan - og var enno. X: Sidan gjekk det rykte på bygda. X: "År og dag" etter barnet var fødd, tok Sygni og putta det mellom stakken og kroppen hennas (kven sin?) ovanfor, for deretter å ta det ut att nedan under stakken. X: Anna fekk spørsmål kvifor ho ikkje hadde nemnt denne saka då sorenskrivar og lensmann m.fl. i 1666 heldt arveskifte etter den avdøde mannen hennar. Ho hadde den gong utgjeve barnet som sitt eige ektefødde. Anna sa at ingen hadde spurt henne om dette. X: Jacob Oppedal forklarte i retten at for omkring 3 år sidan var han og lensmann Ole Østgulen hjå Anna. Dei hadde då spurt henne ut om denne saka, som det gjekk rykte om i bygda. Men Anna ville korkje vedgå eller nekta. X: Mannen til Sygni Sande ba om orsaking for at kona ikkje kunne møte i retten, då ho var sjuk. X: Kari Josefsdotter sa at ho såg seg ganske fri og skuldlaus i dette stevnemålet. Futen krov saka utsett til neste ting.

--6: Ellj Laursdatter Rutledal stevna Joen Grinde for eit sølvbelte verdt 6 1/2 rdl., 4 rdl. i reide pengar, samt 1 børs (gevær) til 9 mark. Jon møtte ikkje, endå han hadde vore stevna 2 gonger før for dette. Lensmann Claus Molde og Peder Norgulen stadfeste for retten at Jon hadde fått desse tinga som tilhørte jenta. Ho hadde opprinneleg levert dei til Jon sin son, Jetmund Joensen, ettersom han hadde vilja ha henne til ekte. Men då Jetmund var i Kongen si teneste, hadde han bede far sin levera sakene attende til jenta. Dette hadde han då ikkje gjort. Han hadde sett beltet i pant hjå Lars i Smuget i Bergen. Og børsa i pant hjå Joen Dale. Avgjerd: Jon Grinde dømt til innan 14 dagar å betala til jenta for beltet, børsa og dei 4 rdl.

21.10.1670 HAUSTTING PÅ EIKANGER SKIPREIDE SI TINGSTOVE.

1670: 28, 28b, 29 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Essemb, Ole

Fyllinge, Knud Quinge, Magne Echnes, Christian Aschelund, Ole Echanger, Børge Jordal, Iffr Hindenes, Aschel Ascheuig, Mogens Eye, Anders Hindenes.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som lensmannen og nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Inger Røe stevna kona til Niels ibm., fordi ho hadde teke ei rive frå henne og slege til henne med den nokre gonger. Nils møtte, og tilstod at kona hans hadde skubba til Inger. Mogens NerAas prova at han såg Inger var blodig, men kvar dette hadde skjedd, visste han ikkje. Anders Hindenes prova det same. Avgjerd: Nils Rød tilkjent å bøta på kona sine vegne 1/2 mark sølv til kongen.

--3: Men det var ikkje slutt på ufreden på Rød med dette. Ovannemnde Nils Rød og den andre grannen, Niels ibm., tilliks med enkja Inger - også nemnd ovanfor, låg dagleg i krangel med kvarandre. Det var ikkje berre mellom dei innbyrdes, men også borna og folket deiras var dregne inn i denne vondskapen. Men no fekk dei i retten her ei klar åtvaring. Dersom dei ikkje no frå denne dag vart forligte som det sømer seg kristelege naboar og grannar, då vil dei verta straffa på hardaste måte til skrekk og åtvaring for andre som ikkje kan forlikast.

--4: Bispen stevna følgjande for resterande avgifter: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Niels Weeland - 3 riksdalar i landskyld for 1668-69-70. Iffr Echanger - 9 mark i landskyld for 1669. Johans Weeland - 3 1/2 rdl. i 3.dje-take for 1668-69-70. Avgjerd: Alle måtte gjera opp for seg innan 14 dagar.

--5: Ole og Oluf Øfreaas stevna oppsitjarane på Weeland, fordi desse skal ha sett hundane sine på 3 av deiras kalvar, og jaga dei til døde. Iffr Hindenes og Christian Aschelund hadde sett kalvane der dei låg døde. Dei tiltalte meinte påstanden burde provast. Avgjerd: Oppsitjarane på Veland dømt til å betala halv skadebot for kalvane, 1 rdl., innan 14 dagar.

--6: Ole Joensen og Ole Matisen Nøtued søkte tingsvitne på - og fekk det stadfest av lagrett og almue - at hus (fleire enn eitt) og løe (-r), med unnatak av 1 ein liten flor, på deiras gard Nottveit om natta ein månad før jul i 1669 brann ned til grunnen. Ingenting vart berga, utanom bufeet deiras.

24.10.1670 HAUSTTING PÅ HOSHOVDE TINGSTOVE I HOSANGER SKIPREIDE.

1670: 29, 29b, 30 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Mogens Mieldstad, Torchel Aasem, Magne Hanistued, Niels Hoele, Gulich Nordaas, Peder Wahre, Haluor Blegelj, Peder Øffsthus, Lars ibm., Ole Litland, Johans og Johans Hoshoffde, Niels Øffsthus, Anders Wea.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som lensmannen og nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Erich Houge stevna Haaor Rachnes for 2 riksdalar, som han sat inne med av hans arv.

Håvard møtte, og sa seg ukjend med saka. Men sa vidare at det skulle ha vore usemje om dette

før han vart gift med kona si, som her måtte vera den rette å krevja gjelda hjå. Saka vart utsett til neste ting, for at borna sine formyndarar, Ole Aasem og Joen Fieldschaal kunna møta i retten, for å gje ei forklaring.

--3: Oluff Hougstuet, Oluf Totland, Mogens Mieldstad, og Anders Teppestad stevna Johans Saugmester på Tøsøen, fordi han budde - og dreiv sagbruk ("Saughandel") - på deiras grunn og eigedom Tysse. Knud Tøsøen møtte på vegne av Johannes Sagmester, og sa han var forlikt med Ole Haugstveit om 1 riksdalar. Retten meinte, at om lotteigarane fekk skade på eigedomen sin, då skulle saka stevnast inn på åstaden, for der å dømast.

--4: Ole Dyrdal stevna Niels Gietremb for noko arvegods som Nils hadde hjå seg, og som tilhørde Ole. Nemleg: 1 kjele, 2 "Saaer" (Så: stort, lagga kar, mest til bryggjing eller barking), 1 "børe" (?), 2 tønner korn, 1 "Tesach" (Tessak: sverd, kort sabel), 1 jarnhelle, 6 smalar, og leiga av 3 kyr i 3 år. Nils møtte, og sa at kjelen, som stod i eldhuset hans, vart stolen frå han 3 år etter arveskiftet skjedde. Hans Gietremb sa, at av kjelen sin verdi på 16 mark, så tilkom Ole 1 riksdalar ".. til forbedring paa en Klede Trøye, ..". Resten av kjelen sin verdi var delt med ein halvpart på Ole, medan den andre halvdelten tilhørde kona til Nils. Forøvrig var kjelen pantsett for skuldig tiend 5 1/2 rdl. på det tidspunkt den vart stolen. Partane vart i retten forlikte - og tok kvarandre i nevane på det. Ole skulle for heile kravet sitt få betalt med 1 god ku eller 3 rdl. av Nils. I tillegg skulle Ole få retten til (".. were følgagtig ..") 4 av smalanane, dei 2 såene, "børen" og tessaken. Og deiras mellomverande skulle såleis no vera oppgjort for godt.

26.10.1670 HAUSTTING PÅ REIGSTAD TINGSTOVE I MJELDE SKIPREIDE.

1670: 30b, 31, 31b, 32 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Elling Burcheland, Mogens Restad, Ole Borge, Ole Watle, Anders Øffste Mielde, Anders Riffuenes, Fabians Mitmielde, Mogens Hafre, Erich Restad, Oluff Weffle, Rasmus Blomb, Fabians ibm., Rasmus Ascheland.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forsegla, skriftleg klagemål, som lensmannen og nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka. Utdrag av dokumentet er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Etter krav frå Johans Halleland [Johannes Halland] opplese eit gavebrev som følgjer: (utdrag) Lagrettsmann Johannis Iffuersen Halleland - busett på garden Halland i Mjelde sk.r. og nyleg gift med Marite Mogensdatter, gjer herved kjent for alle at den av oss 2 ektefolk som lever lengst, skal arva følgjande eignelutar: 1 sølvbelte på 24 lodd, 1 Agnus Dei kjede (halssmykke med motiv av Kristus som lammet med korset), 1 sølvskei, 1 kjele av romstorleik 1 tønne, 1 kiste med lås, og 1 tinnfat. I brevet vart også nemnt eit nyleg levandefødd barn, men død kort tid etter. Ingen fleire barn forøvrig i dette ekteskapet, sidan det vart sett opp gavebrev. Brevet måtte ikkje koma i konflikt med Kongen si lov A: B:, 22. kap., om tiend og fjerdingsgåve. Men brevet skulle gå framføre buet til den først avdøde, og denne sine arvingar elles. Likeeins skulle begge deiras arvingar heilt og fullt følgja gavebrevet sin ordlyd.

Reigstad, 26.10.1670. Til vitne er ført sorenskrivar Hans Hansen og lensmann Elling Burcheland.

--3: Knud Reffuem stevna Michel Schiestad, for å ha skjelt ut kona til Knut. Mikkell møtte, og nekta for dette. Oluf Iffrsen (Revheim?) var stevna som vitne. Han og Knud Burcheland hadde høyrte Mikkell skjella ut Marite - kona til Knut Revheim, for ei hore og "Teche" (Tekke: vaksen hosau). Dette skjedde no sist sommar. Knut Birkeland prova at han hadde høyrte kona til Knut

Revheim snakka til Mikkel Skistad om at "Gierdsgaarden" (gjerdesgard: gjerde mellom inn- og utmark) ikkje var i skikkeleg stand. Vidare skal ho ha sagt at når gjerdet var iorden, då skulle Skistad-folket "icke bære saa mange børe bort som ellers er scheid, ..". Dertil skulle Mikkel ha svart at ho laug som ein "V-dyd". Avgjerd: Mikkel vart bøtelagt med ein 1/2 mark sølv til kongen.

--4: Tosten Hoffden stevna Anne Schiestad for 2 riksdalar og 3 mark. Men då Torstein vart spurt kvifor han krov henne for desse pengane, så visste han ikkje. Anna møtte, og sa seg ikkje vera skuldig han noko. Simen Gierestad og Mogens Gierestad prova at for omlag 8 år sidan vart Torstein og no avdøde Østen Schiestad - Anna sin ektemann - forlikte på tinget. Torstein skulle då gjera opp med Øystein for det Torstein var skuldig han - nemleg 1 våg korn og 8 skilling. Men samstundes nemnde ikkje Torstein noko om at han hadde eit motkrav på Øystein. Torstein stadfesta for retten at nemnde korn og pengar var betalt til Øystein. Avgjerd: Anna Skistad skal vera fri for Torstein sin tiltale, etterdi han ikkje kunne prova kravet sitt.

--5: Bispen stevna følgjande for skuldig avgift: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Rasmus Restad - 2 rdl. i landskyld for 1669. Haluor Erstad - 6 rdl. i 1.ste-bygsel. Joen ibm: - 7 1/2 mark i landskyld for 1669. Anders og Aschild Smaaland møtte ikkje. Avgjerd: Dei vart dømde til å betala det dei skulda.

--6: Tomas Christensen stevna følgjande for gjeld: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Gudmund Sundland - 4 rdl. og 1 mark. Aschild Kleffland - 10 1/2 mark. Baste Burcheland - 1 rdl. For dette hadde Tomas 1 tinnfat i pant. Oluf Schiestad - 16 rdl., korav han nyleg hadde betalt 4 1/2 rdl., og restar no 11 1/2 rdl. Mogens Blomdal - 6 rdl. og 8 sk. Oluf Rasmusen Rødland - 4 rdl. Rasmus Restad - 2 mark. Avgjerd: Sidan dei no for retten har tilstått å vera skuldig, så burde dei og betala.

--7: Niels Rongued, Elling og Oluff ibm: vart alle tilkjent kvar å betala 1 riksort til Nils Bruduig innan 14 dagar. Dei hadde brukt "hans hors .." (Hors = hoppe) utav lov.

28.10.1670 HAUSTTING PÅ YTRE ARNE TINGSTOVE I ARNE SKIPREIDE.

1670: 32, 32b, Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Johans Indre Arne, Mogens Sangstad, Ole Arnetuet, Anders Hoele, Joen Romsloe, Knud Brueraas, Johans Eikaas, Ole Tuenes, Arent Toft, Ole Faugstad, Haluor Rombsloe, Ole Bouge, Halsteen Blindem.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som lensmannen og nokre lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka: (utdrag) Lensmann Johans Indre Arne, Anbiørn Jordal og Halsten Rødland skriv i klagemålet, at for omkring 3 veker sidan var ein offiser ved namn Abraham heime i skipreidet. Han befalte at alle soldatane skulle koma inn på Slottet, kvar med kost for 14 dagar. For dette måtte kvart legd gje 7 mark i pengar. Mogens Staffuenes slapp innkallinga, då han var i byen. Ein del av soldatane var inne i dei 14 dagane. Likevel vart nokre lova heimatt før tida var til endes. Dei som var inne på Slottet, dreiv med litt mønstring, vakthald, og innimellom bar dei møk. Legdsmennene vart nermast tvinga til å betala desse soldatane. I tillegg hadde nokre legd dei siste åra gjeve "til gewehret 3 - 4 - 7 á 8 mark". Alle desse småsummane tilsaman fall almuen nesten så tunge å klara som skatten til kongen. Så måtte kvar soldat halda vakt 3 månader kvart år. Men den som ville verta fri, slapp for 2 rdl. Forøvrig var også soldatane i dette skipreidet inne på Slottet sist år, for å mura steingjerde. For dette måtte kvart legd gje 3 mark, jamvel om dei fleste soldatane kunne nå inn til Slottet på mellom ein halv og ein heil dag. Og dei lengst

vekk buande på halvannen dag når veret var godt. Sjå forøvrig utdrag av det opprinnelege dokumentet, og som er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Futen stevna Brynild Waxdal, fordi han med vilje og forsett hadde rive opp og opna døra i tingstova. Futen hadde befalt at døra skulle vera attlukka. Grunna tiltalte sin fattigdom, fekk han ettergjeve bota på 2 rdl. til kongen.

--3: Peder Arne var innstevna på grunn av ulyd på tinget. Son hans ba om orsaking for at faren ikkje kunne møta, då han var sjuk.

--4: Samuel Hansen stevna Baard Mellingen for resterande landskyld. Bård sa seg vera skuldig 10 1/2 mark i landskyld for 1669. Han hadde bydd Samuel pengane for 2 dagar sidan, men då ville han ikkje ta imot dei. Bård dømt til å betala landskylda.

--5: Tomas Christensen av Bergen stevna følgjande for gjeld: (Namn/vedgjekk å vera skuldig) Ole Andersen Dale 7 rdl. Men hadde for 3 dagar sidan betalt av på dette med 1 "Quie" (kvige?) til 3 rdl. Niels Waxdal vart kravd for 21 rdl. 8 sk., men møtte ikkje. På hans vegne kom Niels Stanghelle fram. Han sa at Tomas for 14 dagar sidan hadde fått av Nils Vaksdal i "Quie" (kvige?) på fordringa. Men Nils Stanghelle visste ikkje verdien. Unge Ole Waxdal - 11 rdl. 2 mark. Niels Stanghelle - 4 rdl. 2 1/2 mark. Han hadde sent til Tomas 4 bukkeskinn i betaling.

2.11.1670 HAUSTTING PÅ HOP TINGSTOVE I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 33, 33b, 34 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Lensmann Peder Smøraas, Fredrich Steen, Steffen Ham/m/ersland, Ole Eide, Niels Dingeland, Gieble Steen, Simen Schiold, Ole Schage, Ole Lund, Arne Totland, Peder Hornes, Ole Heldal, Michel Bircheland, Jens Hucheland, Erich Borge, Mogens Sambdal, Lasse Søråas, Niels Schiold, Matis Bratland, Niels Natland, Niels Hope.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdotter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som lensmannen og 2 lagrettsmenn sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka: (utdrag) Almuen på 10 av tingstadene i Nordhordland futedøme gav til kjenne eit felles klagemål. Dei nytta høvet på bakgrunn av kanslaren si skriftlege befaling, om at futen skulle peika ut lensmannen saman med nokre lagrettsmenn og legdsmenn i kvart skipreide. Desse skulle så reisa til byen og framføra eventuelle klagemål frå almuen. Såleis skreiv lensmann Peder Smøraas og lagrettsmennene Ole Sandal og Ole Eide i klagemålet på vegne av almuen i Skjold skipreide: For omkring 3 veker sidan kom det eit påbod frå kapteinløytnant Poul Jensen ved oberst von Cicignon sitt kompani. Frå dette skipreidet skulle alle soldatane som ikkje var sjuke eller heldt vakt elles, koma inn til Slottet, kvar med kost for 14 dagar. For dette måtte kvart legd gje sin soldat 7 mark, jamvel om ein del av soldatane berre budde 3/4 - 1 mil, og dei lengst vekke, 2 mil (1 mil = 11,3 km) frå Slottet, og såleis kunne reisa inn på 1/2 dag. I desse 14 dagane dreiv ein del av soldatane med mønstring og litt vakthald, samt bar møk ut på åkrane. Likevel vart nokre av dei lova heimatt før tida var omme, på grunn av pengar. Utanom dette var alle soldatane sist år inne på Slottet i 8 dagar, for å mura steingjerde. For dette måtte legdet gje soldaten sin 4 slettemark. Elles vart det klaga på at ein del av soldatane ikkje var like lenge på vakt og i arbeid. Nokre kjøpte seg fri, slik at dei som var att, måtte ta vakta og arbeidet. Soldatane hadde sagt til legdsmennene sine, at dei forøvrig måtte stå vakt i 3 månader kvart år, men her kunne ein koma fri mot 2 rdl. Og om legds mannen ikkje straks betalte det som var bestemt, så trua soldaten med å ta pengane med makt. Sjå forøvrig utdrag av det opprinnelege dokumentet, og som er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Lars Larsen krov opplese for retten følgjande panteskøyte: (utdrag) Pantsetjarar: Lagmann og kommisær Hans Hansen, rådmann Peder Hansen, og stiftsombudsmann Niels Hansen. Panthavar: Lars Larsen. Det pantsette godset: Flesland i Skjold sk.r., av skyld 1 løp smør og 1 tønne malt, Schage i Skjold sk.r., av skyld 2 løp smør og 1 hud. I tillegg nokre gardar i SamAnger av Apostelgodset, på borgarmeister Peder Pedersen, og Carl Rosen Meyrs av KiøbenHafn, sine vegne. Ialt 700 rdl., som Nils Hansen på deiras vegne i diverse god og gangbar mynt har stilt til rådvelde. Bergen, 28.8.1663. Utdrag av heile dokumentet under hausttinget 4.11.1670 for Sartor sk.r.

--3: Niels Olsen ved Nøstet stevna Hillebrant Stølen, fordi han sist sommar hadde teke nota hans utan lov, og dermed hindra han i hans næring med fiskebruket. Nota vart også sundriven. Hillebrant møtte, og sa at Nils hadde hatt 2 av Abel Munte (Hillebrant si "Matmoeder") sine kyr i forpaktning. Desse dyra døydde medan dei var hjå Nils. Etter påbod frå Abel Munte tok Hillebrant - saman med ein mann han ikkje kjende, nota til Nils no sist sommar straks etter jonsokdag, medan den låg på Dambsgaard sitt område. Hillebrant sa at han var Abel Munte sin rådsman (gardsstyrar), og ikkje hennas tenar. Han gav henne 14 rdl. årleg i forpaktning av plassen Støelen [Stølen]. Vidare sa han at Abel let Nils få nota si att litt før "St. Michels dag" no sist. Avgjerd: Hillebrant vart kjent skuldig på alle punkt, og måtte bøta 1 mark sølv til kongen. Og 2 rdl. i skadebot til Nils innan 14 dagar.

--4: Lasse Mittun stevna Bendix Raadsmand - rådsman/gardsstyrar på Rå. Bendiks hadde ei kvige som skulle tilhøyra Lasse. Han sende bod med Anne Baardsdater om å henta kviga på Rå, så den ikkje skulle eta opp håa, slik "som den haffde gjort met haugen". Bendiks møtte, og sa at han hadde ei 14 års gamal jente, som Anna hadde spurt om kviga. Jenta hadde då svara at det var ei framand kvige blant deiras buskap. Bendiks hadde og sagt til Anna, at om så var, så kunne den berre hentast før den åt opp håa, slik som "den gjort med Haugen". Men den kviga som dei no tretta om, den var hans, påstod Bendiks. Og den hadde ikkje vore or marka hans i sommar. Stinne Schage: Den omtvista kviga kom springande frå Mittun og inn i Schage si mark, kor den gjekk i 14 dagar. Sidan gjekk den i Hoffuertun si mark i sommar. Elles visste ho ikkje anna enn at den var Lasse si. Og at kona til Lasse sendte bod om å jaga kviga heim att. Lasse Hoffuerstun: Han sa omlag det same, men trudde kviga kom frå Håvardstunmarka og inn på Rå si mark. Ville ha inn systrene Anne og Zidzele, samt Anne Olsdater som vitne på at kviga tilhørde Lasse. Oluf Andersen Raadsmand - gardsstyrar på Rå: Det var Bendiks si kvige, og den hadde gått i marka på Rå i sommar. Han såg den blant det andre feet til Bendiks rundt påsketider i vår - på den tid Ole kom på bruket sitt. Bendiks gav den fôr saman med dei andre dyra på Rå. Agatte Gutormsdater: Visste ikkje kven si kvige det var, endå ho hadde vore i teneste hjå Bendiks i 3 år. Ho slutta der sist vår. Bendiks ville no ha kona til Ole Andersen som vitne, og dermed vart saka utsett til neste ting.

4.11.1670 HAUSTTING PÅ SKOGE TINGSTOVE I SARTOR SKIPREIDE.

1670: 34, 34b, 35, 35b, 36, 36b, 37, 37b, 38, 38b, 39 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Mogens Willem Worland, Ole Hambre, Hans Kousland, Lars ibm., Anders Kobeltued, Anders Arefjord, Vincentz Selle, Michel Windenes, Ole Echerhoffde, Peder ibm., Erich Knapschouff, Ole Fielde, Anders Bildøen, Ole Colbensen Echerhoffde, Tomas Børnes, Ole Waage.

Tingsaker:

--1a: Kunngjort kongen sitt brev om "Princessin Styr" - om utstyr og medgift i samband med ei kongsdatter sitt giftarmål.

--1b: Futen la fram for retten - og krov opplest - kopi av eit forseгла, skriftleg klagemål, som nokre lagrettsmenn frå dette skipreidet sist vår hadde gjeve til kanslar Johan Fredrik Marskalk. Klagen galdt soldatane si utrustning m.m. Futen spurde no lagretten og almuen om klagemålet framleis stod ved lag. Til det svara dei ja. Etter felles krav vart så klagen innført i tingboka: (utdrag) Almuen gav til kjenne eit felles klagemål vedkomande soldathaldet. Dei nytta høvet på

bakgrunn av kanslaren si skriftlege befaling, at futen skulle peika ut lensmannen saman med nokre lagrettsmenn og legdsmenn i kvart skipreide. Desse skulle så reisa til byen og framføra eventuelle klagemål frå almuen. Såleis skreiv lensmann Ole Bielcherøen, saman med Anders Bildøen, Michel Snecheuig, Ole SørEcherhoffde, Niels Hummelsund, Anders Arefjord, Willem Børnes, Hans Kousland og Ole NordEcherhoffde i klagemålet på vegne av almuen i Sartor skipreide: For omkring 4 veker sidan kom det eit påbod frå kapteinløytnant Poul Jensen. Alle soldatane frå dette skipreidet skulle koma inn på Slottet, kvar med kost for 14 dagar. For dette måtte kvart legd gje (til sin soldat) 7 mark i pengar, jamvel om dei fleste av soldatane vart lova heimatt før dei 14 dagane var til endes. Og endåtil kunne dei lengst vekk buande reisa inn til Slottet på 1 - og somme på 1/2 dag når veret var godt. Ein del av soldatane kunne fortelja til legdsmennene sine, at i den tida dei var inne, så bar nokre møk om dagen. Somme stunder stod dei vakt, og om sundagen dreiv dei med mønstring. Utanom dette var alle soldatane sist år inne på Slottet i 8 dagar, for å mura steingjerde. For dette måtte legdet då gje soldaten sin 4 slettemark. Kvar soldat måtte stå vakt 3 månader om året. Dei som ville sleppa vakttenesta, kunne kjøpa seg fri for 9 mark. Til vedlikehald av geværet måtte kvart legd gje mellom 3 og 7 mark - alt ettersom. Sjå forøvrig utdrag av det opprinnelege dokumentet, og som er å finna under hausttinget 12.10.1670 for Alenfit sk.r.

--2: Niels Lochøen og Hans Algrøen stevna Ole og Iffr Telnes. Saman med Mogens og Anders Hagenes hadde desse hindra Nils og Hans i deiras rett til kvalfangst i Skoge kvalvåg. Dei innstevna møtte, og forklarte at dei arbeidde med ein kval dei hadde fanga. Saksøklarane budde langt vekke, og kom dei ikkje til hjelp før kvalen var død, og klar til å delast mellom dei som hadde vore med på kvalen. Avgjerd: Sidan saksøklarane saman med andre "af Arilds tid" har vore med i fangsten av kval der i vågen, då skulle ikkje bøndene hindra kvarandre i dette. Men når jorddrotten som eig kvalvågen, seier noko anna, vert hans rett å følgja.

I tingboka er no innført ein del brev i ordrett attgjeving frå kongen m.fl. Dette var brev som på kvar tingstad vart opplese for lagrett og almue. Brevva vert kort nemnde her som følgjer:

--A: Kong Christian 5 sitt brev av 20.7.1670 om "Princessin Styr". Brevet galdt innkrevjing av pengar til utstyr og medgift for prinsesse Wilhelminna Ernæstina sitt giftarmål med Carl Luduig - pfalsgreve ved Rhin og hertug av Bayern. Kongen sitt forrige "Princessin Styr"-brev var frå 1.7.1664.

--B: Kong Christian 5 sitt brev av 17.8.1670 om diverse skatte- og administrasjonssaker.

--C: Kong Christian 5 sitt brev av 12.8.1670, der amtmennene i Noreg vart bedne om å la futane laga så rette som mogeleg jordebøk over såvel kongen som andre sitt jordegods. Samt ein like så rett matrikkel. Dette skulle då brukast ved utskrivning av skattane. Fristen for arbeidet vart sett til 3 månader etter kunngjeringa i kvart futedøme.

--D: Kong Christian 5 sitt brev av 12.8.1670 om kyrkjene sin tilstand og deiras rett til heile tienden.

--E: Kong Christian 5 sitt brev av 12.8.1670 om overdraging av Kongsberg Sølvverk til "participanter".

--F: Admiral Cort Adeler sitt brev av 27.8.1670 om bortpakting av tjørebrenningstienden og tømmerstienden for 3 år - rekna frå 1.1.1670. Brevet galdt innbyding til interesserte å senda inn tilbod på dette.

--G: Johan Fredrik Marskalk sitt brev av 6.9.1670 om 4 av dei ovannemnde kongelege forordningane, som Marskalk hadde motteke frå visestathaldar Ove Juel. Pkt. B: Om opphevinga av 2 skattar. Dei som hadde betalt for mykje på desse, skulle få det godskrive på annan skatt. Pkt. C: Om jordebøkene og den nye matrikkelen. Pkt. D: Om kyrkjetienden som frå no måtte overlatast til kyrkjevergjene. Tidlegare hadde overskotet på tienden vorte gjeve til andre, som ikkje hadde noko med kyrkjene å gjera. Dermed fekk ikkje kyrkjene midlar til naudsynt vedlikehald. Pkt. E: Om forpaktinga av Kongsberg Sølvverk.

--H: Johan Fredrik Marskalk sitt brev av 7.9.1670 til futen over Nordhordland, Peder Andersen, om naudsynt vøla av futenaustet, etter at dette var konstatert til nedfalls.

--I: Johan Fredrik Marskalk sitt brev av 8.8.1670 til ein del av futane i Bergenhus len. Marskalk hadde fått eit brev datert 11.6.1670 om saka frå visestatthaldar Ove Juel, og som han no bragte vidare. Generalveimester Jens Hauritz hadde sendt klage til Juel på manglande innbetaling frå nokre av futane på ein del av løna si. Dei futane det galdt, fekk ordre om straks å samla inn den ubetalte løna, rekna frå 1667.

--J: Kongen sitt panteskøyte av 25.7.1661, der Hans Hansen - lagmann i Bergen og for Gulatinget, Peder Hansen - rådmann i Bergen og amtskrivar på Bergenhus, samt Niels Hansen - stiftombodsmann for Bergenhus len, gjorde kjent at kongen hadde pantsett og avhendt til Peder Pedersen - borgarmeister i København, og Carl Rosenmeyer - borgar og handelsmann same plass, samt deiras ektefeller og arvingar, "for en Anseenlig Summa Penger", Bergen Domkyrkjeprosti - også kalla Apostelgods len - sitt jordegods. Fullmakt av 5.8.1661 frå Peder Pedersen og Carl Rosenmeyer til dei 3 ovannemnde som kunngjorde dokumentet. Dei fekk herved løyve til å pantsetja og avhenda jordegodset vidare til andre. Såleis vart panteskøytet transportert og overført til Lars Lauridtzen/Larsen i Bergen, samt kona og borna hans. Jordegodset omhandla i dokumentet var som følgjer: Flesland - av skyld 1 løp smør og 1 tønne malt. Schage - av skyld 2 løp smør og 1 hud. Desse gardane låg i Skjold skipreide. Quernes - av skyld 1 løp smør. Trengereid - av skyld 1 løp smør. Dywigen - av skyld 1 pund smør. Desse låg i Sambanger i Sunnhordland. Lars Larsen hadde for dette "tilstillet Niels Hansen paa deris wegne" 700 rdl. i atskilleg gangbar mynt. Bergen, 28.8.1663.

4.12.1670 KOM RETTEN SAMAN PÅ HOP I SKJOLD SKIPREIDE.

1670: 39, 39b, 40 Fut Peder Andersen. Lagrettsmenn: Simen Schiold, Lasse Noraas, Ole Hop, Ole Totland, Niels Dingeland, Lasse Søråas, Lasse Smøråas, Ole Heldal, Arne Totland, Niels Schiold, Niels Natland, lensmann Peder Smørås, Vincentz Nøtuett.

Tingsak:

Christian Biering let stevna Hans Johansen Øster Kongshaffn og Johans Ramsuig, fordi dei skal ha trua med å brenna ned husa hans i Ramsuig. Dei 2 innstevna møtte. Som vitne var innkalla Hillebrant Støelen. Han sa at for ei tid sidan var han i Ramsvik på oppdrag for Kristian, for å riva eit gamalt hus der. Då høyrde han Niels Johansen seia, at om han ikkje fekk betaling for sin andel i det gamle huset som Kristian ville riva, då skulle han setje fyr på sin part. Troels Laursen, som og var med på rivingsoppdraget, høyrde at Nils spurde Kristian kvifor han let riva huset, som far hans (far til Nils?) i si tid hadde sett opp, og korav eine halvparten tilkom Nils og den andre halvdedelen bror hans (til Nils). Troels høyrde og Nils koma med trugsmålet om å brenna huset, dersom Nils ikkje fekk betaling for det. Ole Toersen vitna dette: Han var på same tid i Ramsvik for å tekkja (leggja never på tak) eit hus for Kristian. Då høyrde han at kona til Hans Kongshavn klaga seg til Kristian om for lita betaling for huset som skulle rivast. Kristian svara at om dei hadde noko å innvenda, då fekk dei gå retten sin veg. Hans, som stod saman med dei, skaut inn at om det verkeleg var slik at han ikkje fekk meir for huset, då skulle han brenna det opp slik som det stod. Kristian ville då vita om Hans med dette meinte Kristian sitt eige hus. Då slo Hans ut med hand og så: "Ja Haarde død, Jeg schal affbrende saa megit som der staar."

Rasmus Olsen, som var ilag med Ole Torsen på taktekkjinga i Ramsvik, vitna det same som Ole. Kristian la no fram for retten bygselledelen sin på Ramsvik. Etter forhandling og mekling mellom partane og retten, let Kristian no saka falla. Kristian inngjekk forlik med "Hans og Nils Johannesøner" (mest truleg brør), og han skulle heretter uhindra få sitja på og behalda (husmanns-)plassen Ramsvik

Tillegg til tingbok nr. 11.

Sak reist av Kongen vedkomande ledingen (skatten i naturalia) av Bergenhus amt/len, og som Herman van Høwen etter kontrakt for 1 år om gongen hadde kjøpt av ein del av futane i Bergenhus amt/len - blant anna futen Peder Pedersen på Sunnmøre.

13.8.1673 PÅ BERGEN RÅDSTUE.

1673: 40b, 41, 41b, 42, 42b, 43, 43b, 44

Etter ordre frå kongens kanslar Johan Friderich Marschalch til Hutlow [Johan Fredrik Marskalk til Hutlow] i lagmannen sin stad, kom retten saman for å døma i følgjande sak om ein veksel. Saksøkjær var Hendrich Karekdorff - "reciderende Kiøbmand i Dramshus her ved Bergen Cantor" (Bergen Cantor = Det Hanseatiske kontor i Bergen), med sin prokurator Reinholt Rasmussen. (Stevninga datert 28.7.1673) Dei saksøkte var: Lisbeth - enkja etter Thomas Gilbertzen (Han levde 9.9.1671) - med sin fullmektig, prokurator Strange Mule. Joen Crommetj/Jon Crommetie - gift med Lisbeth, syster og arving til Tomas, assistentråd/lagmann Jens Tolder/Toller. Magistraten - her møtte rådmann Hans Munthe. Og byfogd Laurits Søffrensen, som tidlegare hadde dømt i saka. Det heile galdt ein prosess, som Tomas tidlegare hadde ført mot Henrik om ein veksel på 213 rdl. 7 sk. Denne vekselen var utstedt til assistentråd/amtskrivar/lagmann Jens Toller den 7.2.1667 av Herman Van Høwen, på vegne av Diderich Graffuensted, Jesper Hartz, og Peter Lackman - alle 3 frå Lybech i Tyskland. van Høwen var "førige residerende Kiøbmand paa Cantoret". Vekselen var oppgjær for varer i naturalia, og som futen Peder Pedersen på Sunnmøre (fut der til 1668) hadde fått inn i skatt (leding) for året 1666 frå bøndene. At vekselen var skriven ut til embetsmannen Jens Toller - og ikkje til Peder Pedersen sjølv, kom seg av at desse vekslane på futane sine vegne alltid måtte klarerast i København før avrekning til kvar fut vart gjort. Og nett her i futen Peder si seinare avrekning med Jens Toller var det at usemja om vekselen på den avkjøpte ledingen for 1666 oppstod. Peder påstod vekselen ikkje var betalt, og van Høwen sa den var det. Saka hadde vore oppe i retten nokre gonger. Byfogd Lars Sørensen på Peder Pedersen sine vegne stevna van Høwen inn for Magistraten den 28.1.1669. Først 17.3.1670 vart det føreteke domsavgjerd hjå Magistraten. Her vart van Høwen pålagt innan 6 veker å prova at vekselen var betalt - i motsett fall betala den. Så la Hendrich Wæssel på Peder Pedersen sine vegne inn stevning for byfogd Lars Sørensen den 20.7.1670. van Høwen vart denne gong dømt til å betala. Og kunne han ikkje gje full dekning, vart kravet å stila til hans medkausjonistar, Henrik Karekdorff og ein Jacob Koelhoff. Wessel gjorde ikkje noko meir med saka, men overdrog den til Tomas Gilbertsen. Straks etter byfogden sin dom (20.7.1670) søkte Tomas utlegg for vekselskravet "udj Karekdorffs Herschabs Stue". Den 9.9.1671 vart så saka stevna inn for overdommaren, assistentråd og lagmann Jens Toller, ved Lagmannsretten. Her presenterte og prosederte Tomas Gilbertsen saka sjølv, men utan å ha fullmakt til dette (frå Peder Pedersen?). No vart van Høwen og hans medkausjonistar dømt til å betala innan 14 dagar. Neste stopp var i den kongelege Overhoffretten, som mottok stevninga i 1672. Dom utstedt på Akershus 8.2.1672. Overhoffretten oppheva Lagretten sin dom. Og til endeleg avgjerd vart saka så teke opp på Bergen Rådstue den 13.8.1673. Sambandet mellom Peder Pedersen og Tomas Gilbertsen hadde også sin bakgrunn i økonomiske tilhøve. Blant dokumenta i saka vart det lagt fram ein obligasjon datert 28.3.1670. Den var utstedt til Tomas av Peder, for å halda Tomas skadeslaus i samband med ein kausjon på 300 rdl., og som Tomas hadde gjeve for Peder til rådmann Peder Hansen. Tomas med følgje meinte såleis at denne obligasjonen var fullmakt nok til å reisa sak mot Karekdorff på Peder Pedersen sine vegne. ("Och formeendte same obligation Vahr fuldmagt Noch till at søge Peder Pedersens Ret eftter i denne Sag.") (Sjå Lagretten 9.9.1671). I tillegg vart det lagt fram ein annan obligasjon utstedt av Peder. Denne lydde på 100 rdl., som Tomas hadde betalt på Peder sine vegne. Det var også vist til Oldermennene og "Acteinernis" (medlemer av hanseatane i Bergen sitt 18-mannsråd) sin kausjon til Tomas (for rett levering av varene?) "Imoed goetses Leffuering till Karekdorff". Denne er datert 12.6.1672 under det "Canthorische Indseigell", og

truleg utstedt på bakgrunn av dommen i Overhoffretten. ("eftter Oberhoffrettens doms Indhold") Andre namn nemnt i denne saka: Jørgen Pos. Albert/Albregt Heintz. Hans Thomasen Rus (byskrivar i Bergen til 1669). Retten si avgjerd: Henrik Karekdorff vart fullstendig frikjent. Han vart og tilkjent ei skadebot på 130 rdl. frå avdøde Tomas Gilbertsen sitt "Samfellids boe". Retten kom såleis til at den omtalte veksel nok var betalt og gjort opp. Eit utdrag av Kompaniet" i Lybeck si hovedbok ("Extract aff Van Høwens och Med Interessenters Herschabers Hoffuitbog udj Lybech") - stadfesta av den keisarlege notar - viste at van Høwen den 27.2.1667 hadde trekt på dei til Hans Hoepen/Hoepe (van Høwen og kompaniet i Lybeck sin faktor i København) 891 rdl. 39 sk., for å betala for "Ledingen". Tidlegare var det også trekt til Hans Hoepen 450 rdl. Motverdien til desse summane utgjorde 4 vekslar, deriblant den på 213 rdl. 7 sk.